

# Årsrapport for 2009

---

## **Forord**

Difi har i sitt andre leveår hatt ein krevjande og omfattande portefølje av oppgåver knytte til utvikling og fornying av offentleg sektor i Noreg. 2009 har for Difi vore eit år med vekst, både i oppgåver, ansvar, ressursar og synlegheit.

Norsk forvalting er i kontinuerleg og omfattande omstilling på grunn av endringar i mellom anna internasjonalt regelverk og samarbeid, eksterne forhold som miljø og konjunktursvingingar, teknologiske moglegheiter, arbeidsliv og krav og forventingar frå innbyggjarane. Difi har med sitt mandat ei viktig rolle i å bidra til heilskap, kvalitet og effektivitet i desse omstillingsprosessane. Det er mi vurdering at denne årsrapporten viser at vi er på god veg med å fylle denne rolla.

Oslo, 28. februar 2010

Hans Christian Holte  
Direktør

## Innhald

<b>1</b>	<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Måloppnåing .....</b>	<b>7</b>
2.1	Hovudmål 1: Difi skal bidra til effektiv organisering, god virkemiddelbruk i forvaltninga og brukarretta statlege tenester .....	7
2.2	Hovudmål 2: Difi skal vere en pådrivar for god statleg kommunikasjon .	11
2.3	Hovudmål 3: Difi skal vere ein pådrivar i utvikling av leiarar og medarbeidarar i staten .....	15
2.4	Hovudmål 4: Difi skal leggje til rette for koordinert og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor .....	22
2.5	Hovudmål 5: Difi skal etablere og drive ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor.....	26
2.6	Hovudmål 6: Difi skal leggje til rette for samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp.....	30
2.7	Prosjektilskot til digital fornying i kommunane.....	33
2.8	Overordnede styringsparametre .....	33
<b>3</b>	<b>Administrative føringar og organisasjon .....</b>	<b>38</b>
3.1	Administrative føringar .....	38
3.2	Organisasjon.....	42

### Vedlegg

Vedlegg 1: *Oversikt over oppdrag frå departement og direktorat i 2009*

Vedlegg 2: *Løyvingar og rekneskap for 2009*

# 1 Samandrag

Direktoratet for forvaltning og IKT har i 2009 halde fram prosessen med å konsolidere seg som eit nytt direktorat. Konsolideringsarbeidet dreier seg mellom anna om å rekruttere rett kompetanse, byggje solide strukturar for administrasjon, styring og rapportering, avklare den samla oppgåveporteføljen i samarbeid med FAD og utvikle relasjonen til sentrale samarbeidspartnarar.

Parallelt med dette konsolideringsarbeidet har Difi i 2009 hatt ansvaret for å bidra til å nå målsetjingane som er formulerte i tildelingsbrevet frå departementet 12.02.2009. Her heiter det: *”Difis verksemd skal føre til at statsforvaltninga er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad, og til at ho er godt og målretta organisert og leia. Det er et mål at forvaltninga tar i bruk Difis kunnskapar, verkemiddel og verkty i utviklinga av ein betre og meir effektiv offentleg sektor.”* Tildelingsbrevet peiker vidare på nokre av utfordringane som møter Difi i arbeidet med å nå desse overordna måla:

*Viktige rammeføresetnader for statens verksemd endrar seg stadig, til dømes ved rask utvikling i informasjonsteknologi, sterk internasjonalisering eller endringar i brukarane sine behov. Dette stiller Direktoratet for forvaltning og IKT overfor store utfordringar med å:*

- *Utføre prosjekt med stor gjennomslagskraft og overføringsverdi for forvaltninga*
- *Sikre at organisasjonen har solid kompetanse, fagleg tyngde og effektive arbeidsformer*
- *Innfri forventingar frå statstilsette om sær gode kompetansetiltak*
- *Gjennomføre komplekse IT-prosjekt knytte til samordning mellom etatar*
- *Sørgje for betre brukarorientering og kommunikasjon i staten*

I Difis halvårsrapportering til departementet (oversend 24.08.2009) peiker vi på to risikopunkt som særleg kan knytast til dei to første punkta ovanfor:

- Manglande samsvar mellom oppgåveportefølje og nivå på tildeling/kapasitet
- Manglande kompetanse og kapasitet til å gjennomføre oppgåvene

Måla ovanfor er vide og til dels krevjande å måle presist. Det er vidare vanskeleg å dokumentere effekten av Difis arbeid i forhold til den generelle utviklinga av offentleg sektor. Den overordna vurderinga er likevel at verksemda til Difi har gitt gode bidrag til å utvikle forvaltninga i ønskt retning. Viktige element i Difis bidrag har vore:

- Mange ulike sider av verksemda til Difi har vore innretta mot å styrkje *kvaliteten og effektiviteten* i arbeidet til forvaltninga. Ein vesentleg del av innsatsen for å nå desse måla er retta mot IKT-utviklinga til forvaltninga. Her har Difi arbeidd med å styrkje den samla kvaliteten, effektiviteten og heilskapen i arbeidet til forvaltninga gjennom

standardiseringsaktivitetar, oppfølging av vedtekne arkitekturprinsipp og utvikling av fellesløysingar for elektronisk ID. Leiarforankring, kompetanseheving og utvikling av IKT-verktøy innanfor området offentlege anskaffingar må ein òg rekne med har bidrege til å styrkje kvaliteten og effektiviteten på eit område der det er synleggjort store utfordringar for det offentlege. Vidare er det vår vurdering at Difis rådgiving, evalueringar og ulike opplæringstiltak har styrkt effektiviteten og kvaliteten på ei rekkje område i forvaltinga.

- Difi har òg arbeidd med *brukarrettings*perspektivet i forvaltinga gjennom å kartleggje ulike brukarrettningstiltak i forvaltinga vi har gjort oss nytte av (områdegjennomgang – skal vere ferdigstilt første halvår 2010), og gjennom å samarbeide med FAD om ein rettleiar om temaet. I tillegg har ein stimulert innbyggjaranes høve til brukarmedverknad gjennom mellom anna svartenesta og Noreg.no og gjennom det omfattande arbeidet med ei nasjonal innbyggjarundersøking der resultatata frå den første fasen av arbeidet blei overlevert til departementet i januar 2010.
- *Openheita* i forvaltinga er styrkt mellom anna gjennom Difis arbeid med å formidle den statlege kommunikasjonspolitikken og gjennom klarspråksarbeidet.
- Dei tilsette sitt høve til *medverknad* har vore stimulert gjennom mellom anna utviklinga av ei medarbeidarundersøking som vil danne ein viktig basis for arbeid med leiarutvikling, omstilling og medarbeidarskap i staten. Det ligg òg eit element av dette i det arbeidet Difi har gjort med å fordele dei tariffavsette midlane til kompetanseutvikling. Difi har kartlagt dei menneskelege omsyna ved utflytting av tilsyn for der igjennom å skulle forbetre framtidige omstillingsprosessar. Difi har òg ei omfattande kurs- og opplæringsverksemd for dei tilsette i staten.

Samla sett dokumenterer punkta ovanfor og dei følgjande kapitla i denne årsrapporten at Difis måloppnåing har vore tilfredsstillande. Vidare dokumenterer dei kommande kapitla at forvaltinga i aukande grad tek i bruk Difis kunnskapar, verkemiddel og verktøy i utviklinga.

Difi har eit tverrgåande mandat knytt til forvaltingsutviklinga og er i liten grad eit myndigheitsorgan med ”harde” verkemiddel. Det gjer at direktoratet må leggje stor vekt på å verke i kraft av fagkompetansen sin og evna til å etablere konsensus og gode samarbeidsrelasjonar, mellom anna i tverrsektorielle utviklingsløp. Samtidig vil denne tilnærminga i mange samanhengar vere meir berekraftig enn ei meir einseitig form for styring og samordning. Kor viktig denne tilnærminga er, er uttrykt gjennom Difis visjon *utvikling gjennom samarbeid*.

Difi har gjennom 2009 styrkt samarbeidsrelasjonane med forvaltinga elles. Nokre døme:

- Styrkt samarbeid med departementsrådgruppa gjennom å leggje til rette for diskusjonar om vidare utviklingsarbeid i departementa
- Aktiv bruk av referansegrupper, ressurspersonar og pilotar frå forvaltinga i arbeidet med kompetanseutvikling, leing og opplæring

- Vidareføring av det strategiske samarbeidsrådet SKATE, der sentrale etatsleiarar for IKT-utviklinga møtest for å drøfte vegval, særleg knytte til fellessatsingane på eID og Altinn
- Etablering av fleire nettverk på området offentlege anskaffingar
- Gjennomføring av ei rekkje større konferansar
- Bilaterale kontaktmøte med fleire verksemder, mellom anna SSØ, Konkurransetilsynet, DSS, FFO, KS, SI, Brønnøysundregistra, Skatteetaten, NAV, Lånekassen og Helsedirektoratet

Difis initiativ på portalsida har styrkt Difis rolle og synlegheit i og utanfor forvaltinga. Også samarbeidsrelasjonane våre med andre delar av forvaltinga er styrkte. Ei nylansering av difi.no har saman med lansering av portalane anskaffelser.no og prosjektveiviseren.no vore viktige bidrag i denne samanhengen.

Utfordringsbiletet som er skissert i tildelingsbrevet for 2009 til direktoratet frå februar, og i Difis halvårsrapportering frå august, er like fullt relevant å kommentere. Mandatet til direktoratet er vidt og oppgåveporteføljen omfattande. Difi bør saman med FAD fortløpande vurdere om den samla oppdragsmengda gir god ressursutnytting, eller om innsatsen bør spissast meir mot nokre færre sentrale oppgåver.

Delar av denne problemstillinga knytt til portefølje dreier seg om forholdet mellom utviklingsrelaterte oppgåver og drift/forvalting. Mange utviklingsoppgåver som er lagde til direktoratet, medfører eit betydeleg driftsansvar. Dette er relevant innanfor fleire av fagområda til Difi, og eit godt døme er utvikling av eID-løysingar for forvaltinga. Difi forvaltar tenesta MinID, som må seiast å ha blitt ein stor suksess gjennom 2009, med 1,7 millionar brukarar og stadig fleire tenester frå ulike tenesteeigarar. Men med graden av suksess aukar kostnadene knytte til ei forsvarleg forvalting og drift av tenesta, med mellom anna brukarstøtte. Kostnadsveksten i samband med framtidig utbreiing av tenesta kan vere så stor at han ikkje nødvendigvis kan handterast innanfor Difis ramme utan betydelege konsekvensar for andre prioriterte oppgåver. Denne utfordringa må vi sjå i lys av ein forventa strammare økonomisk situasjon for direktoratet i tida som kjem.

Difi har gjennom 2009 styrkt kompetansen på IKT-sida spesielt, som vi såg at det var behov for ved inngangen til året. Vidare var administrasjonen ved utgangen av 2009 i ferd med å styrkje kompetansen på nokre sentrale felt, som arkivsida og kommunikasjonsfeltet. Kompetansen i direktoratet blir ved utgangen av året vurdert som gjennomgåande god.

Nedanfor blir det i meir detalj rapportert ut frå krava i Difis tildelingsbrev for 2009.

## 2 Måloppnåing

### 2.1 Hovudmål 1: Difi skal bidra til effektiv organisering, god verkemiddelbruk i forvaltninga og brukarretta statlege tenester

Sentrale verkemiddel for å nå dette hovudmålet er å dokumentere, analysere og formidle kunnskap om korleis forvaltninga er organisert og verkar, og å fungere som samtalepartnar og rådgivar for departement og direktorat. Oppgåvene er genererte på tre ulike måtar: gjennom tildelingsbrevet, gjennom oppdrag frå departement og underliggjande verksemder og gjennom eigeninitierte prosjekt. Dei i underkant av 20 årsverka som Difi har brukt på dette resultatområdet, har bidrege til å skaffe og formidle kunnskap som er relevant for arbeidet til departement og underliggjande verksemder med å effektivisere og brukarrette.

#### 2.1.1 Difi skal gjennomføre inntil tre større område-gjennomgangar, gjerne med vekt på effektivitet og kvalitet. Direktoratet tar initiativ til områdegjennomgangane og drøfter innretting av desse med FAD før arbeidet startar

Difi har starta opp to områdegjennomgangar i 2009, og arbeidet blir vidareført og slutført i 2010. Val av tema, tilnærming og framdrift har vore avklart med FAD. Den eine satsinga gjeld ein gjennomgang av organisering, styring og finansiering av tverrgåande oppgåver og prosjekt i forvaltninga. Omfanget av tverrsektorielle oppgåver og prosjekt har auka dei siste ti til femten åra. Erfaringsbasert kunnskap om fallgruver og moglegheiter ved denne forma for organisering har vore mangelfull. Difi har i samarbeid med nøkkelinformantar i utvalde departement og statlege verksemder systematisert erfaringar frå store, kompliserte samarbeidstiltak. Det foreløpige arbeidet blei presentert på forvaltingskonferansen i desember, og ein rapport skal vere ferdigstilt i løpet av første kvartal 2010. Arbeidet skal danne grunnlag for å seie noko om kva som skal til for å lykkast med slike oppgåver. Resultata av Difis innsats så langt har vore å gjere folk meir bevisste når dei skal velje og utforme samhandlingsmodellar.

Den andre områdegjennomgangen gjeld ei kartlegging av ulike brukarrettings- og brukarmedverknadstiltak som forvaltninga har teke i bruk, jf. punkt 10 nedanfor. På dette området har vi teke initiativ til ei brei kartlegging av tiltak og verkemiddel på tvers av nivå og sektorar i statsforvaltninga. Difi meiner at det er eit stort behov for å få fram og formidle ulike brukarrettingstiltak i forvaltninga. Det er òg i tråd med den utviklinga vi ser internasjonalt, der produksjon av offentlege tenester står høgt på dagsordenen.

Tilnærmingmåten er vald i samråd med FAD. Det blir gjennomført ei kvalitativ undersøking (djupneintervju og dokumentstudiar) og ei kvantitativ spørjeundersøking for å kartleggje kva brukarrettings- og brukarmedverknadstiltak statlege verksemder gjer seg nytte av i dag, omfanget av dei og korleis dei blir praktiserte. Dei foreløpige resultata frå prosjektet i 2009 har vore med på å gi FAD og Difi eit betre grunnlag for å gi råd og

innspel til forvaltinga med sikte på å nå målet om meir brukarretting og brukarmedverknad i statsforvaltinga.

Arbeidet skal vere ferdigstilt i første halvår 2010 og vil bli oppsummert i ein skriftleg rapport og formidla i ein konferanse.

### **2.1.2 Difi skal gjennomføre ei nasjonal innbyggjarundersøking, publisere resultatane og gjere resultatane kjende og brukte til å betre arbeidet i statlege verksemdar. Tidspunkt og form for publisering av resultatane skal avklarast med departementet**

Fase 1 av innbyggjarundersøkinga blei gjennomført i 2009. Undersøkinga gjekk ut til 30 000 innbyggjarar, og svarprosenten var ca. 42. Resultatane blei presenterte i januar 2010, og arbeidet er no komme til fase 2, der brukarane sine erfaringar med eit tjuetals tenester skal kartleggjast. Arbeidet skal samla gi eit grunnlag for å seie noko om korleis innbyggjarane ser på offentlege tenester, som igjen skal gi forvaltinga betre grunnlag for å sjå kva innsats som er nødvendig for å betre dei offentlege tenestene.

Målet er nådd i den forstand at resultatane er publiserte og Difi har presentert materialet i ulike samanhengar, men det vil utover i 2010 bli teke ytterlegare initiativ for å gjere resultatane kjende og brukte i statlege verksemdar.

### **2.1.3 Difi skal publisere og forvalte ein rettleiar i brukarretting, demokrati og deltaking**

Den europeiske rettleiaren i brukarretting utarbeidd av ei arbeidsgruppe under EUPAN er omsett og publisert av FAD. Difi hjelpte til i arbeidet med å leggje han til rette for norske forhold og reknar dermed delmålet for å vere nådd.

### **2.1.4 Difi skal gje departementet støtte med evaluering av utflyttinga av statlege tilsyn**

Difi hjelpte departementet og konsulentane som gjennomførte evalueringa. Resultatane viser at det har vore stor utskifting av personell, at det har vore ei mellombels svekking av viktige samfunnsområde, at utflyttinga har gitt små regionale verknader, og at flyttinga ikkje gir større kostnadsreduksjonar. Det er avgjerande kva rekrutteringsgrunnlag tilflyttingsregionen har, og høgkonjunkturane har forsterka utfordringane. Difi følgjer opp evalueringa ved å sjå på dei menneskelege sidene ved utflyttinga – frå ståstaden til dei tilsette som ikkje blei med.



### **2.1.5 Difi skal drifte og vidareutvikle den kartbaserte, elektroniske oversikta Regional stat og tilhøyrande tenester**

Den elektroniske tenesta Regional stat har vore i ordinær drift i 2009 med i snitt 74 000 besøk per måned. Den tilhøyrande tenesta Ditt nærrområde har hatt om lag 18 000 besøk per måned.

### **2.1.6 Difi skal ta oppdrag, innafor budsjetttrammene, frå UD, NORAD og andre departement og direktorat som hjelp i deira internasjonale arbeid med institusjonsbygging og forvaltningsutvikling**

Oppdraga kjem i hovudsak frå Utanriksdepartementet. Hovudsamarbeidslanda har vore Makedonia og Kroatia. Eit viktig arbeid har vore å gi eit innspel til korleis Noreg bør vidareføre bistanden til institusjonsbygging på Balkan framover. Etter førespurnad frå UD deltek Difi i eit samarbeidsprosjekt med Forsvarsdepartementet for å byggje opp eit forsvarsdepartement i Montenegro.

Både UD og FD har gitt uttrykk for at dei er svært nøgde med bidraget frå Difi på dette området. Noreg bruker mykje pengar på institusjonsbygging i andre land, og Difi kombinerer her kjennskap til Balkan med kunnskap om forvaltingspolitikk og bidreg til at midlane blir brukte på ein effektiv måte.

Inntektene er på ca. 1,8 millionar kroner, som er lågare enn budsjettet. Omfanget av aktiviteten framover er i stor grad avhengig av UD's behov.

### **2.1.7 Difi skal ta oppdrag frå departement og direktorat**

Difi har i 2009 prioritert førespurnader frå departementa fordi vi meiner at dei spelar ei nøkkelrolle når det gjeld å få til ei effektiv organisering og god verkemiddelbruk i forvaltninga. Det gjeld gjennomføring av konkrete oppdrag, som til dømes organisering av departementa eller organisering av det organisatoriske apparatet under departementa. Difi blir òg brukt som samtalepartnar for departementa før eit utviklingsarbeid blir sett i gang, til dømes for prosjekt som departementet sjølv ønskjer å gjennomføre, eller der dei vil kjøpe tenester i marknaden. Tema som i stor grad har hatt prioritet, har vore bruk av organisatoriske verkemiddel, ulike aspekt ved tilsyn og andre tiltak som er innanfor dei prioriterte oppgåvene for regjeringa, som til dømes vedtaksunderlag for stortingsmeldingar.

Difi har som ei oppfølging frå 2008 hjulpet departementsrådana i arbeidet med å utvikle departementa til formålstenlege sekretariat for politisk leiing. Difi drifrar òg eit nettverk for direktørane for eit utval direktorat. Hovudsaka i 2009 har vore eit samarbeid mellom direktorata for å etablere eit kunnskapssenter for velferdsdirektorata. Difi har òg hatt fagleg ansvar for ein studietur for ekspedisjonssjefane i administrasjonsavdelingane i departementa.

Se elles vedlegg 2: *Oversikt over oppdrag frå departement og direktorat i 2009*

### **2.1.8 Difi skal følgje opp den planlagde stortingsmeldinga om forvaltningspolitikken**

Difi har følgd opp delmålet ved å bruke stortingsmeldinga som utgangspunkt for foredrag, planlegging av nye aktivitetar og liknande. Meldinga er ein nyttig reiskap for å presentere kva regjeringa legg vekt på i arbeidet med forvaltningsutvikling. Når det gjeld dei konkrete oppfølgingspunkta, viser vi til 2.1.9 – 2.1.13 nedanfor.

### **2.1.9 Difi skal kartleggje omfanget av brukarundersøkingar, brukarråd og andre tiltak for brukarretting og brukarmedverknad. Difi skal leggje fram ei vurdering av kartlegginga for departementet som eit grunnlag for departementet sitt arbeid med ein strategi for å stimulere verksemdene til å vere meir brukarretta**

Dette oppdraget blir følgd opp som ein områdegjennomgang, som nemnt under punkt 2.1.1, og delmålet blir vurdert som oppfylt.

### **2.1.10 Difi skal gi råd til etatar og departement i oppfølging av innbyggjarundersøkinga. Dette kan mellom anna skje ved å etablere møteplassar (virtuelle eller andre) for utveksling av erfaringar og kunnskap om kvalitet i undersøkingane og korleis verksemdene kan følgje dei opp**

Arbeidet med å følgje opp innbyggjarundersøkinga er under planlegging, samtidig som fase to er under førebuing for utsending, sjå punkt 2.1.2. Som omtalt under det tidlegare punktet vil rådgivinga til etatar og departement bli intensivert når fase to i innbyggjarundersøkinga er slutført.

### **2.1.11 Difi skal systematisere og formidle kunnskap om (om)organiseringar**

Arbeidet har i 2009 særleg vore konsentrert om å organisere, styre og finansiere tverrgåande oppgåver og prosjekt, jf. omtale under punkt 2.1.1. Elles er nettsidene våre tilpassa, slik at det er lettare å finne fram til aktuelle organisasjonsgjennomgangar. Vi diskuterer no med departementsrådsgruppa korleis Difi kan betene departementa i spørsmål som dreier seg om ulike organisatoriske utfordringar. Målet for 2009 er nådd, men aktiviteten held fram i 2010 og vi vil komme tilbake til FAD om korleis dette punktet bør følgjast opp vidare. Det må òg sjåast i samanheng med korleis første delen av punkt 2.1.12 skal følgjast opp når rettleiaren i organisering ligg føre.

### **2.1.12 Difi skal vere sekretariat for ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal lage rettleiar i organisering, og vere medlem av sekretariatet til ei interdepartemental gruppe som skal vurdere verkemiddel for å styre statlege selskap og føretak med sektorpolitiske oppgåver**

Arbeidet med å utvikle ein rettleiar i organisering er starta opp. Rettleiaren er planlagt å vere ferdig i løpet av det første halvåret. Det er FAD som leier arbeidet.

Difi deltek i sekretariatet for den interdepartementale arbeidsgruppa som skal vurdere verkemiddel for å styre statlege selskap og føretak med sektorpolitiske oppgåver. Difi gjer ei eiga kartlegging på oppdrag frå prosjektet, som vil vere ferdig i løpet av første halvår 2010.

Begge desse oppgåvene blir gjennomførte i samsvar med planen, og målet for 2009 er nådd, men aktiviteten held fram inn i 2010.

### **2.1.13 Difi skal få fram kunnskap om bruken av utredningsinstruksen, som grunnlag for at departementet kan vurdere tiltak for å betre etterlevinga av han**

Dette punktet inngår òg i tildelingsbrevet for 2010, og det har vore eit første møte for å avklare forventingar til kva eit slikt prosjekt skal innehalde. Arbeidet er planlagt gjennomført i 2010.

### **2.1.14 Styringsparameter hovudmål 1**

- I 2009 har det vore gjennomført 7 ulike prosjekt med utgangspunkt i tildelingsbrevet, 38 oppdrag for departement og underliggjande verksemdar og 9 eigeninitierte prosjekt.
- Av dei oppdraga vi gjer for andre departement, er 12 prosjekt internasjonale oppgåver som òg genererer inntekter.
- Difi har prioritert oppgåver i tråd med kravet i tildelingsbrevet om at prosjekta som blir gjennomførte, skal vere viktige for å nå Difis overordna mål, at dei skal vere tverrgående eller ha stor overføringsverdi til andre, og at Difi skal ha betre kompetanse og føresetnader for å løyse oppgåva enn andre.
- Det er vanskeleg å seie noko generelt om kva førespurnader som blir avviste, men det dreier seg særleg om førespurnader frå underliggjande verksemdar der det er ein velfungerande marknad som kan gjennomføre oppgåvene.

## **2.2 Hovudmål 2: Difi skal vere en pådrivar for god statleg kommunikasjon**

Difi er ein aktiv pådrivar for god statleg kommunikasjon. Vi legg vekt på å ha oversikt over problemstillingar, utfordringar og praksis på det kommunikasjonsfaglege området i staten. Det er nødvendig for at vi skal bli

oppfatta som dugande rådgivarar og nyttige pådrivarar i arbeidet med å gjere staten meir profesjonell i kommunikasjonsarbeidet, og for at vi skal kunne tilby nyttige verktøy og verkemiddel som bidreg til at den statlege kommunikasjonspolitikken blir etterlevd.

Noreg.no, svartenesta og Miside medverkar til målet om ein meir tilgjengeleg stat. Her får publikum ein samla tilgang til informasjon og tenester på tvers av etatar/sektorar. Det bidreg til at staten framstår som meir samordna og heilskapleg for brukaren. Samla sett reknar vi hovudmålet som nådd.

### **2.2.1 Difi skal forvalte den nye statlege kommunikasjonspolitikken, særleg informasjon, rådgjeving, opplæring og utarbeiding av eventuelle rettleiarar**

Arbeidet med å implementere den nye kommunikasjonspolitikken er starta opp i mange verksemder. Målet er nådd ved at Difi i ulike samanhengar har presentert den nye politikken og har lagt planar for å formidle, utvikle rettleiingsmateriell og etablere arenaer for å diskutere utfordringar i kommunikasjonspolitikken for forvaltinga i 2010. Forvaltinga sin bruk av sosiale medium blir eit hovudområde i det vidare arbeidet.

### **2.2.2 Difi skal gjennomføre prosjektet Klart språk i staten ut frå den prosjektplanen som til ei kvar tid måtte gjelde, dette i samarbeid med Språkrådet**

Arbeidet er gjennomført i samsvar med planane som er lagde, og det er kvartalsvis rapportering til FAD. Det er stor interesse og merksemd knytt til klarspråkarbeidet i ulike delar av forvaltinga, det er god påmelding til kurs og konferansar, klarspråkprisen blei delt ut for første gong i 2009, og det er fordelt 2 millionar kroner til ulike tiltak i forvaltinga. Særleg merksemd er retta mot den skriftlege produksjonen av standardbrev, skjema o.l., som også innbyggjarundersøkinga peikte på var ei utfordring for innbyggjarane. Målet er nådd.

### **2.2.3 Difi skal overta ansvaret for den nye publiseringstenesta OEP (offentleg elektronisk postjournal) når tenesta vert etablert. Difi avtalar innfasinga av nye verksemder i ordninga med departementet. Difi har ansvaret for EPJ-tenesta (Elektronisk postjournal). Den vidare drifta av denne skal avklarast med departementet**

Lansering av Offentleg elektronisk postjournal (OEP) blei utsett til 2010. Difi har derfor ikkje overteke forvaltingsansvaret for tenesta ved utgangen av 2009, og delmålet er ikkje nådd. Difi har likevel etablert forvaltingsorganisasjonen med nødvendige forvaltingsprosedyrar, bemanning og kompetanse og er klar til å ta over forvaltingsansvaret når tenesta er lansert.

Elektronisk postjournal, EPJ, har vore i vanleg drift i 2009. Totalt har det blitt sendt 67 438 krav om innsyn. EPJ skal gå over til å bli ein historisk base når OEP er i drift. Difi har gjort framlegg til FAD om å konvertere EPJ til ein ny

teknisk plattform, drifta av Difi. Vi har i 2009 fått meir enn 100 spørsmål om utvida brukartilgang i EPJ. I hovudsak frå pressa og organisasjonar, men òg frå privatpersonar og næringslivet.

**2.2.4 Difi skal drifte svartenesta knytt til norge.no-portalen gjennom å gje innbyggjarane svar og rettleiing på telefon, epost, sms og gjennom nettdialog. Difi må arbeide vidare med utvikling av kvaliteten i svartenesta. Brukarbehov må kartleggjast og nyttast i rettleiing om brukarretting og evaluering av informasjon hos andre etatar**

Svartenesta, som tek imot spørsmål frå publikum på grønt nummer 800 30 300, e-post, nettpat og sms, har i gjennomsnitt blitt kontakta 2995 gonger per månad i 2009, ein auke på 16 prosent samanlikna med 2008. Nettpraten auka med heile 73 prosent. Dette er dialog med brukaren i sanntid på nettet, og det appellerer nok til mange, og kanskje særleg unge brukarar.

Brukaroppleving og brukarbehov blir kartlagt gjennom ei brukarundersøking som blei førebudd i 2009, men blir gjennomført primo 2010. Undersøkinga skal gi innspel til korleis kvaliteten på svartenesta kan utviklast, og vil bli nytta i kommunikasjonen med andre etatar, mellom anna gjennom Forum for store offentlege nettstader, som har innbyggjarretta portalar som medlemmer.

Det er viktig at innbyggjarane kjenner til at staten har eit sektorovergripande informasjonstilbod, og vi ser at bruken av tenestene har auka i takt med at fleire og fleire tek i bruk MinID, jf. punkt 2.2.6. Vi har ei utfordring i å nå dei gruppene som ikkje kan eller vil bruke Internett. Mange eldre og innvandrarar er i den gruppa, og dei utgjør ein vesentleg del av dei som kontaktar oss på telefon.

Vi vurderer måloppnåinga for svartenesta som god, sjølv om vi er noko forseinka i utviklingsarbeidet.

Norsk lysingsblad hadde 12 352 kunngjeringar i 2009, ein auke på 25 prosent frå 2008. Det omfattar proklama, gjeldsforhandlingar, mortifikasjonar og andre lovpålagde kunngjeringar.

**2.2.5 Difi skal vidareføre arbeidet med å stimulere til god kvalitet på offentlege nettsider. Difi skal drive kvalitetsmerking av offentlege nettsider. Settet av kriterium som ligg til grunn for merkinga, skal utviklast. Difi skal vurdere nye virkemiddel for å stimulere til god kvalitet**

Kriteriesettet som ligg til grunn for kvalitetsvurderinga, er i 2009 vidareutvikla og sendt på ei open høyring. Basert på 162 innspel er det gjort justeringar og forbetringar av dei 33 indikatorene. Ekspertar frå Aletheia kommunikasjon, Vestlandsforskning og Difi har vurdert kvaliteten på 684 offentlege nettstader i 2009.

I ei spørjeundersøking blant deltakarane på den årlege kvalitetskonferansen

svarte 81 prosent at dei har brukt indikatorsettet til å utvikle sin eigen nettstad. Resultatet viser ei klar betring av kvaliteten, og vi meiner at vi innfrir dette målet.

I 2009 har vi vurdert nye verkemiddel for å stimulere til god kvalitet, og vi deltek i eit forskingsprosjekt for automatisert måling av nettstader, så også denne delen av målet er oppnådd.

### **2.2.6 Difi skal drifte portalane Noreg.no. og Miside. Difi skal utvikle eit godt grunnlag for å avgjere framtidige strategival og gjennomføre dei avgjerdene som departementet treffer knytte til ny strategi for publikumsretta portalar. Difi skal utvikle løysningar og funksjonalitet i Miside slik at det vert ei auke i talet for tenester og tenesteeigarar**

Noreg.no-portalene (Noreg.no, Norge.no og Norway.no) har vore i ordinær drift i 2009. Det er arbeid med å oppdatere databasane og gjere mindre forbetringar i løysinga. Det er arbeid vidare med grunnlaget for ein ny innbyggjarportal, basert på strategirapporten som blei overlevert FAD i januar 2009, og tilbakemeldingane frå FAD i juni 2009. Prosjektplan er utarbeidd og prosjektleiar tilsett.

Difi forvaltar Los, ein informasjonsstruktur for offentlege tenester. Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå kommunale og statlege verksemder har i 2009 utarbeidd eit framlegg til revidert Los-struktur som har vore på høyring. Los vil bli lagd til grunn for den nye innbyggjarportalene.

I 2009 har talet på aktive Miside-brukarar, det vil seie brukarar med meir enn éi innlogging, auka frå 438 691 til 796 572 (altså ein auke på meir enn 81 prosent). Miside tilbyr i dag tenester frå 15 statlege etatar og 67 kommunar. Dei fleste av tenestene opplevde ein solid auke i besøkstalet i 2009. Særleg tenestene frå SKD, registertenesta Mi adresse og transaksjonstenestene Sjølvmelding og skatteoppgjer for lønntakarar og pensjonistar opplevde ein markant auke i 2009.

### **2.2.7 Styringsparameter hovudmål 2**

- Ventetid i svartenesta: gjennomsnittleg 10 sekund i 2009, mot 28 sekund i 2008.
- Difi deltok med kommunikasjonsrådgiving i færre prosjekt enn tidlegare, både som følgje av endra rolle og at ressursar var bundne opp til leing av andre større prosjekt, som til dømes Klart språk i staten og innbyggjarundersøkinga. Vi har gjennomført tre større kommunikasjonsprosjekt for underliggende verksemder i 2009.
- Vi heldt foredrag og kurs i inn- og utland om ulike kommunikasjonsfaglege tema. Dette har auka som følgje av den nye kommunikasjonspolitikken.
- Talet på påloggingar via MinID per månad – her også tal på unike brukarar: Ved inngangen av 2009 hadde 775 000 nytta MinID ved

innlogging til offentlege tenester. I løpet av 2009 dobla talet på brukarar seg, til 1,6 millionar unike brukarar.

- Gjennomsnittstalet på innloggingar på MinID per månad er 455 070. Brukarstøtta for MinID hadde i gjennomsnitt over 15 000 telefonsamtalar kvar månad i 2009.
- Offentlege nettstader med høg kvalitet: Resultatet viser ei klar betring av kvaliteten. Det var 195 nettstader som oppnådde fem eller seks stjerner, mot 99 nettstader i 2008. Av 684 vurderte nettstader fekk altså 28 prosent fem eller seks stjerner.
- Oppetid på eksterne system: Oppetida på MinID og Miside var i gjennomsnitt 99,95 prosent i 2009.

### **2.3 Hovudmål 3: Difi skal vere ein pådrivar i utvikling av leiarar og medarbeidarar i staten**

Oppgåva som pådrivar for å utvikle leiarar og medarbeidarar i staten inneber

- å formidle og bidra til å få gjennomført den generelle leiings- og personalpolitikken
- å bidra til eit kompetanseløft i staten gjennom eigne kompetanseutviklingstiltak og gjennom å leggje til rette for og støtte verksemdene i kompetansearbeidet deira
- å leggje til rette for samarbeid, kompetanse- og erfaringsdeling og utvikling av felles løysingar på området

Dei viktigaste resultatane vi har oppnådd i 2009, er å vekke interesse for og oppslutning om plattformane for leiing i staten og å auke kunnskapen om korleis ein kan ta plattformane i bruk.

Vi har òg gjennomført ei rekkje nye tiltak på leiingsfeltet som er i tråd med budskapet i plattformane, som byggjer på kunnskap om behov, relevans og nytte av leiarutvikling i staten, noko verksemdene spør etter. Til dømes:

- Ny kunnskap om behov og auka interesse i forvaltninga for ein felles strategi og eit felles løft på kompetanseområdet, nye læringsverkemiddel og fleire felles kompetansetiltak med fokus på statleg spesifikke og felles tema.
- Kunnskap, verktøy og metodar som har styrkt evna forvaltninga har til å etterleve krava på sentrale personalpolitiske område, som medarbeidarskap, mangfald og inkludering, og utviklande og lærande arbeidsformer.

Mykje av arbeidet og ressursinnsatsen i 2009 har gått med til utgreiing, utvikling og produksjon av heilt nye tiltak, som vi meiner har bidrege til å nå måla på området.

### 2.3.1 Difi skal byggje opp et fagmiljø på leiarsskap i staten

Gjennom året har ei ny satsing på leiarar – Leiarssats – blitt planlagd og utvikla, og fleire opplærings- og utviklingstiltak er initierte og igangsette. Tiltaka er utvikla for å møte kunnskaps- og utviklingsbehov hos statlege leiarar på ulike nivå og i ulike fasar av karrieren, og for å hjelpe verksemdene i arbeidet med leiing og leiarutvikling. Tiltaka byggjer òg på aktuell leiingsfagleg kunnskap, kunnskap om staten og dei spesielle behova til forvaltinga, og dei blir gjennomførte i samarbeid med ulike eksterne faglege miljø og ressurspersonar. Dei bidreg dermed til å utvikle det leiingsfaglege miljøet i staten.

### 2.3.2 Difi skal utvikle eit heilskapeleg tilbod som m.a. omfatter e-læring, program som består av modular – inklusive felles introduksjonsprogram – læringspakker, konferansar, samlingar, publikasjonar og digitale verktøy. Tiltaka skal vere retta mot nye og røynde leiarar og toppleiarar (Leiarssats) og skal bidra til å realisere plattformen for leiing i staten og intensjonane i St.meld.nr 19

Basert på oppdrag frå FAD laga vi sommaren 2009 ein strategi-, ramme- og framdriftsplan for ei ny og større satsing på statlege leiarar kalla Leiarssats.

Vi har i løpet av 2009 utvikla eit nytt tilbod til alle målgruppene som blir lansert til ulike tider i 2010:

- For nye leiarar i staten vil tilbodet bestå av eit e-læringsbasert introduksjonsprogram, ein årskonferanse og ei samling.
- Erfarne leiarar vil få tilbod om eit modulbasert program basert på handlingslæring, involvering av deltakande verksemdar og vidareformidling av kunnskap til andre leiarar.
- For toppleiarar vil det kvart år i april bli halde ein konferanse, og det vil bli utgreidd andre typar tiltak.
- For HR-leiarar som driv med leiarstøtte, er det tilbod om eit utviklingsprogram. I tillegg får dei tilbod om regionale workshops om leiarplattformen.
- Eit felles tilbod i Leiarssats vil vere ei eiga nettside for statlege leiarar som blir ferdigutvikla og lansert i 2010.

Vi har gjennomført ei rad lanserings- og formidlingstiltak knytte til leiarplattformen i 2009.

Resultatet av arbeidet er at statleg leiarsskap er sett på dagsordenen, og at plattformen har initiert og inspirert til systematisk utvikling av leiarsskapen i statlege verksemdar. Dette blir bekrefta av Difis brukarundersøking, som viser at 90 prosent av dei 82 verksemdene som har svart, har kjennskap til plattformen, og at 70 prosent bruker henne meir eller mindre aktivt.

Difi vurderer det slik at vi er på rett veg og har komme langt i forhold til målet om å utvikle eit heilskapeleg, variert og omfattande tilbod til leiarar i staten.



### **2.3.3 Difi skal evaluere ”Retningslinjer for karantene og saksforbud ved overgang til ny stilling m.v. utafør statsforvaltninga”**

Målet for evalueringa var å få kunnskap om korleis retningslinjene fungerer i forhold til hensikta, og førebu eventuelle spørsmål og behov for endringar i retningslinjene, fem år etter at dei tredde i kraft. Gjennom eit avgrensa og lite ressurskrevjande forprosjekt fekk vi avdekt at verkemiddelet er i bruk, men ikkje av alle. Ingen har erfaring med å nytte klausulane i praksis, og det ser ut til å vere få problem knytte til dette. Konklusjonen blei at det ikkje ville vere formålstenleg å setje i gang eit større prosjekt, og at det uansett ikkje er grunnlag for å vurdere konsekvensar av og eventuelt justere retningslinjene. Vi reknar målet som nådd.

### **2.3.4 Difi skal gjennomføre ei medarbeidarundersøking i statsforvaltninga i samråd med departementet. Undersøkinga skal leggje eit betre grunnlag for å følgje opp verksemdene sitt arbeid med utvikling av leiarskap, jf. plattformen for leiing, og skal leggje eit grunnlag for å utvikle eit elektronisk verktøy for slike undersøkingar i verksemdene**

Difi har nådd målet. I samråd med departementet utvikla og gjennomførte vi ei større medarbeidarundersøking i staten hausten 2009. Resultata av undersøkinga vil liggje føre i form av ein rapport i veke 6 i 2010. Resultata av undersøkinga vil liggje til grunn for vidare arbeid på leiings- og medarbeidarskapsfeltet.

Vi har òg utvikla eit elektronisk verktøy til kostnadsfri bruk for verksemdar som sjølve vil gjennomføre ei medarbeidarundersøking. Verktøyet byggjer på dei same spørsmåla som i den generelle undersøkinga, men gir òg rom for individuelle tilpassingar.

### **2.3.5 Difi skal kartleggje menneskelege sider ved utflytting av tilsyn**

Målet for kunnskapsinnhentinga har vore å få meir informasjon om kva verknader/konsekvensar denne typen omstillingar har for medarbeidarane i verksemdene, og dermed forbetre framtidige omstillingsprosessar. Resultatet av kartlegginga blir lagt fram ved påsketider 2010.

Vi har undersøkt alle dei sju tilsyna som det i 2003 blei vedteke skulle flyttast ut av Oslo, og kunnskapen byggjer på skriftleg dokumentasjon, innsamla data, informantsamtalar og ei større spørjeskjemaundersøking. Det som står att, er å gjennomføre nokre intervju, analysere data, utarbeide rapport, presentere funn, kvalitetssikre og forankre i tilsyna.

### **2.3.6 Difi skal bidra til auka mangfald og inkludering i staten ved å utvikle effektive verkemiddel og verktøy for mangfaldsleiing**

I 2009 utvikla Difi eit program i mangfaldsleiing kalla ”Effektiv leiing av forskjellar – lær kulturell intelligens”. Målet var å utvikle eit konkret, praktisk og motiverande verktøy for mangfaldsleiing som både kunne gi ferdigheiter, større forståing for problemstillingar og auka motivasjon for å rekruttere meir allsidig. Kurset hadde 18 deltakarar og fekk eit evalueringssnitt på 5,3 av 6 moglege. Konseptet i kurset ligg til grunn også for ei handbok i kulturell intelligens for leiarar, som vil bli ferdigstilt og utgitt i 2010.

I samarbeid med Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har Difi utvikla eit e-læringsprogram om den fleirkulturelle samtalen. Målet er å støtte og gi råd til offentlege og private arbeidsgivarar som har tilsett eller ønskjer å tilsetje personar med innvandrarakgrunn, særleg ikkje-vestleg innvandrarakgrunn.

Desse tiltaka gir leiarar og arbeidsgivarar i staten kunnskap, bevisstheit og praktisk rettleiing om ansvar, alternativ, barrierar og moglege tiltak for å auke mangfaldet og inkluderinga. Dette er eit viktig og avgjerande første steg for å nå målet.

### **2.3.7 Difi skal gjennomføre kvoteringsforsøket for rekruttering av personar med innvandrarakgrunn i staten**

Difi har på oppdrag frå FAD hatt ansvar for å gjennomføre eit prosjekt knytt til opplæring og utvikling av verksemdene som har delteke i forsøket med å kvotere personar med innvandrarakgrunn til stillingar i staten. Prosjektet er gjennomført og avslutta. Institutt for samfunnsforskning (ISF) vil levere ein sluttrapport til FAD i februar, der konkrete resultat av kvoteringsforsøket – i form av talet på rekrutterte personar med innvandrarakgrunn i dei aktuelle verksemdene – kjem fram, og der bruken av kvotering som verkemiddel blir vurdert. Vi reknar målet som nådd.

Difi har gjennomført fire nettverkssamlingar for dei deltakande verksemdene i 2009, i tillegg til å arrangere og leie ei studiereise til Canada med kontaktpersonane for prosjektet og i ettertid utvikle og trene nettverksdeltakarane på verktøy som blei henta inn gjennom studieturen. Prosjektet har bidrege til å setje fokus på mangfaldsområdet. Gjennom tiltak som leiaropplæring og nettverk har leiarane i verksemdene auka merksemda mot, og betre sett moglegheitene i og verdien av, å rekruttere personar med innvandrarakgrunn til eiga verksemd. Dette bidrag positivt til å styrkje rekrutteringstiltaka i verksemdene og til måloppnåinga.

### **2.3.8 Difi skal utarbeide framlegg til ein strategi for kompetanseutvikling i staten**

Difi er i avslutninga av arbeidet med å utarbeide forslag til ein overordna strategi for kompetanseutvikling i staten. Arbeidet skjer på oppdrag frå FAD og blir gjennomført i nær dialog med statlege verksemdar. Forslaget til overordna strategi for den vidare utviklinga av kompetansen hos dei tilsette i statleg forvaltning skal bidra til å realisere dei kunnskapsambisjonane statleg forvaltning skal ha framover, slik dei er formulerte først og fremst i stortingsmelding nr. 19 2008–2009 ”Ei forvaltning for demokrati og fellesskap” (forvaltingsmeldinga). Strategiforslaget blir som avtalt overlevert FAD 26. februar 2010.

### **2.3.9 Difi skal greie ut og utvikle ei satsing på e-læring og byggje opp kompetanse internt på e-læring**

Difi har gjennomført utgreiinga ”Samfunnsøkonomisk analyse av målsetningen om å styrke en felles statlig kompetansepolitikk”, som saman med ein tidlegare Difi-rapport om ein ny giv for den sentrale opplæringa til staten ligg til grunn for ei satsing på e-læring og utvikling av læring gjennom meir bruk av digitale verkemiddel.

Difi har i 2009 bygd opp fagleg, metodisk og strategisk kompetanse for bruk av ulike digitale læringsverkemiddel i det sentrale kompetansetilbodet i staten. Difi har og auka kunnskapen om korleis ein eventuelt kan utvikle ein felles infrastruktur i staten for læring og kunnskapsdeling ved hjelp av fleksible og samansette læringsformer med IKT. Eit resultat av utviklingsarbeidet er at vi har fått i gang dialog på tvers i forvaltninga om sjansane for konkret samhandling og felles løysingar knytte til felles kompetansetiltak, strategisk kompetanseutvikling og større bruk av e-læring.

### **2.3.10 Difi skal tilby kurs og andre tiltak for å betre kjennskapen til dei felles systema i staten og til felles avtale- og regelverk**

Difi tilbyr opplæring i grunnleggjande forvaltingskunnskap gjennom ei omfattande kursverksemd. Kursa gir kunnskap om korleis forvaltninga er bygd opp, kva rolle, oppgåver og arbeidsmåtar ho har, eller om det generelle regelverket og felles verdiar og normer som styrer forvaltninga.

Vi har i 2009 gjennomført fleire kurs innanfor felte forvaltingsrett, offentleglova, tenestemannsrett, juridisk metode, hovudavtalen i staten, innføring i hovudtariffavtalen og særavtalar for reiser. Vi har òg gått gjennom og delvis fornya den samla kursporteføljen. Kursa er godt besøkte og får gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

I Difis nyleg gjennomførte brukarundersøking kjem det fram at kurs- og opplæringsverksemda både er godt kjend, er det mest brukte tilbodet vårt og er det av tilboda som flest brukarar opplever å ha godt utbytte av. Vi reknar målet som nådd.

### **2.3.11 Difi skal fordele tariffavsette kompetansemiddel og leggje til rette for kartlegging og spreing av gode prosjekt og erfaringar**

Difi har hatt i oppgåve å fordele dei tariffavsette kompetansemidla til prosjekt etter søknad, basert på målsetjingar og kriterium for tildeling som blei fastsette ved tariffoppgjeret i 2008. Difi har behandla søknadene, lagt tilrådingar fram for partane og stått for utbetalinga til dei som fekk stønad. Difi har òg hatt kontakt med verksemdene gjennom heile prosessen.

På vegner av partane administrerer Difi no ei kartlegging av mellom anna metodar for å spreie vedtak, mål, verktøy i nokre av verksemdene som fekk stønad, og kva rolle partane og Difi kan ha i framtidige spreingsprosessar.

Vi meiner å ha gjennomført saksbehandlinga og tildelinga på ein korrekt og formålstenleg måte og at vi gjennom kartlegginga som no går for seg, vil bidra til å spreie gode prosjekt og erfaringar. Vi reknar målet som nådd.

### **2.3.12 Difi skal utvikle eit program for nyttilsette i staten**

Difi slutfører for tida utviklinga av eit e-læringsbasert introduksjonsprogram for nyttilsette i staten. Målet er delvis nådd, og vi vil tilby eit e-læringsbasert introduksjonsprogram til alle nyttilsette i staten sommaren 2010.

Programmet blir utvikla i samarbeid med forvaltinga. Det er eit supplement til det interne opplæringsopplegget til statlege verksemdar og tek for seg det som er felles for alle i staten, på eit overordna nivå. Med lanseringa av dette programmet kan vi tilby eit felles introduksjonsprogram som kan nå alle nyttilsette i staten.

### **2.3.13 Difi skal forvalte Nordisk tenestemannsutveksling**

Difi har i 2009 administrert nordisk tenestemannsutveksling etter fullmakt. Då søknadsfristen gjekk ut 14. april, var det komme inn fire søknader. Alle fekk stipend.

Ein kontaktperson i kvart land administrerer ordninga. Anslått ressursbruk per år er ca. 10–12 timar. Inntrykket er at dette er eit billig tiltak, og at det i stor grad er med på å bidra til å utvikle leiarar og medarbeidarar i staten. Ordninga får òg gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Delmålet blir vurdert som oppnådd.

### **2.3.14 Difi skal vidareføre tilbodet av korte kurs i nynorsk for statstilsette og førebu e-læring av nynorsk**

Difi har som mål å bidra til å styrkje den generelle kompetansen i nynorsk for statstilsette på alle nivå. Det har vore tilbydd to opne kurs i nynorsk for statstilsette i 2009, eitt om våren og eitt om hausten. Delmålet om å vidareføre tilbodet er dermed oppnådd.

Arbeidet med å utvikle eit e-læringsprogram i nynorsk er berre så vidt igangsett i 2009. Vi har etablert eit samarbeid med Språkrådet, og vi i ønskjer å sjå programmet i samanheng med utviklinga av andre e-læringskurs. Arbeidet held fram i 2010. Delmålet er dermed berre delvis nådd.

**2.3.15 Difi skal vidareutvikle etablerte EU/EØS-program i nært samarbeid med brukarane. Vidare skal direktoratet bidra til å heve kompetansen om arbeid med EØS-avtalen ved å integrere det internasjonale perspektivet i leiarutviklingsprogramma, formidle ”best practice” og å medverke til skreddarsydde tiltak (kurs, fora for erfaringsutveksling, hospiteringsordningar mv)**

Arbeidet med å utvikle etablerte EU/EØS-program er ei løpande oppgåve som blir gjennomført i tett dialog med dei som bruker kursa til Difi.

Difi er representert i ei arbeidsgruppe som ser på høvet til å utvikle nettverksgrupper av medarbeidarar som jobbar med EU/EØS-spørsmål, og det skal i denne samanhengen lanserast ei mentorordning i løpet av våren 2010. Noko generell EU/EØS-kompetanse inngår i det nye e-læringsverktøyet for nyttilsette i staten som er i produksjon, og som blir lansert i 2010.

Vi har komme i mål med nokre viktige utviklingsinnsatsar på EU/EØS-området, men har ikkje fullt ut oppnådd delmålet i 2009.

**2.3.16 Difi skal tilby verksemdsinterne utviklingsprosjekt**

Vi har gjennomført nokre verksemdsinterne utviklingsprosjekt i 2009 knytte til leiing, medarbeidarskap og organisasjonsutvikling / strategisk historieforteljing. Målet har vore å prøve ut metodikk, konsept og måtar å jobbe på, og vi har samarbeidd tett med ressurs- og nøkkelpersonar og pådrivarar internt i verksemda, slik at dei kan jobbe vidare og formidle og forankre kunnskap og arbeidsmåtar.

Vi reknar målet som nådd. Prosjekta har gitt forventa resultat i verksemdene og internt i Difi i form av kunnskap og erfaring knytt til verktøy, metodar og tilnærmingar som vi jobbar med på generell basis.

**2.3.17 Styringsparameter hovedmål 3**

- Vi har i 2009 hatt to større satsingsområde (Leiarsats og strategi for kompetanseutvikling/e-læring), som har romma fleire konkrete utviklingstiltak og prosjekt.
- Vi har utvikla eit e-læringsprogram for leiarar på mangfaldsleiing og lanserer om kort tid eit e-læringsbasert introduksjonsprogram for alle nyttilsette i staten og eit e-læringsprogram for nye leiarar.
- Vi har gjennomført utviklings- og opplæringstiltak for nye leiarar, erfarne leiarar, toppleiarar og HR-tilsette.

- Vi har gjennomført eit 30-tals samlingar og seminar for å formidle ei plattform for leing til leiarar og tilsette på ulike nivå innanfor ulike sektorar og verksemdar i staten.
- Vi har gjennomført rundt 100 større og små opplæringstiltak, kurs og konferansar for om lag 4000 statstilsette deltakarar.
- Dei fleste kursdeltakarane er kvinner på direktorats-/etatsnivå som jobbar som saksbehandlarar. Men vi når òg ein relativt stor del leiarar, og fleire menn, gjennom konferansar og seminar.
- Enkelte av departementa er godt representerte på opplæringstiltaka våre.

## **2.4 Hovudmål 4: Difi skal leggje til rette for koordinert og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor**

Hovudinnsatsen har vore retta inn mot å vidareutvikle og styrkje IT-standardar, etablere felles IT-arkitekturprinsipp for nye IKT-system og -tenester, leggje grunnlaget for eit framtidig felleskomponentprogram, etablere nye og vidareutvikle eksisterande støtteverktøy og rutinar som sentrale samordnings- og kvalitetssikringsmekanismar for IKT-utviklinga, og sikre god oppfølging av Difis internasjonale engasjement innanfor IKT-fornyingsområdet.

Å ha nok menneskelege ressursar og kompetanse var ei særskild utfordring i starten av 2009. Gjennom ein brei rekrutteringsprosess har dette blitt mykje betre.

Eit vesentleg og gjennomgåande trekk i måloppnåinga er at Difi er blitt meir aktivt og synleg som ein sentral aktør for koordinert og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor, både fysisk og med informasjon på nettet, mellom anna gjennom etablerte portalar for standardisering og prosjektgjennomføring.

Det er etablert eit strategisk samarbeidsråd (SKATE) for leiarar i sentrale verksemdar for tverrsektoriell gjennomføring av IT-politikken. Deltakarane er Difi, Brønnøysundregistra, Skattedirektoratet, NAV, Helsedirektoratet, Statistisk sentralbyrå og Statens lånekasse for utdanning.

Hovudmålet del om Difis tilrettelegging blir rekna som nådd. Effektdelen av målet om koordinert og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor krev likevel langsiktig innsats der ein heile tida må vurdere om ein har dei rette verkemidla, yter god nok innsats og prioriterer rett.

Ein viktig del av innsatsen er derfor retta mot IKT-utviklinga til forvaltninga. Difi har arbeidd med å styrkje den samla kvaliteten, effektiviteten og heilskapen i forvaltningas arbeid, og har følgd opp vedtekne arkitekturprinsipp gjennom standardiseringsaktivitetar og gjennom utvikling av fellesløysingar for elektronisk ID.

#### **2.4.1 Difi skal lage forslag til tredje versjon av referansekatalogen for IT-standardar i offentleg sektor**

Difi har levert forslag til ein tredje versjon av referansekatalogen til FAD i samsvar med målsetjinga. Tredje versjon er eit resultat av ein revisjon av den andre utgåva, med to nye tillegg:

- Standardar for universell utforming av offentlege nettsider
- Standardar for elektronisk faktura og kreditnota

Standardiseringsrådet har i 2009 valt å prioritere ein del meir langsiktige oppgåver. Det blei gjennomført eit forprosjekt og starta fleire andre, og arbeidet med semantikk blei òg høgt prioritert i året som gjekk. Arbeidet i 2009 har derfor ikkje berre ført med seg nye standardar i referansekatalogen, men òg lagt eit godt grunnlag for vidare arbeid og framtidige versjonar av katalogen.

I tillegg til å peike på nye standardar har Difi hatt fokus på å bidra til at standardane blir tekne i bruk. Det er gjort gjennom informasjons- og rettleiingsarbeid og gjennom å måle og publisere korleis offentlege verksemder bruker standardane.

Seks utgreiingar om ulike standardiseringstema er gjennomførte og ferdigstilte i 2009, og elleve andre er påbegynte.

Delmålet blir rekna som nådd.

#### **2.4.2 Difi skal utvikle og operasjonalisere IKT-arkitektur i offentleg sektor**

I april 2009 publiserte Difi versjon 1.0 av arkitekturprinsippa. Etter ytterlegare gjennomarbeiding og operasjonalisering blei versjon 2.0 publisert 8. oktober. Det er òg innført eit forvaltingsregime for prinsippa, som byggjer på samarbeid med fleire etatar i offentleg sektor. Difi har dessutan halde ei rekkje foredrag på ulike seminar der arkitekturprinsippa er presenterte og forklarte.

Spørsmål og tilbakemeldingar frå mange verksemder gir klare indikasjonar på at arkitekturprinsippa er i ferd med å bli kjende, og at fleire verksemder innarbeider dei i verksemdsarkitekturen sin.

Hausten 2009 arbeidde Difi fram eit forslag til første fase av program for IKT-infrastruktur i staten, kalla foranalyse til program for felleskomponentar i offentleg sektor. Vår vurdering er at det er utarbeidd eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med felles IKT-arkitektur i offentleg sektor.

Delmålet blir rekna som nådd.

#### **2.4.3 Difi skal samarbeide med departementet om å utarbeide nye samordnings- og kvalitetssikringsmekanismer for IKT-utviklinga i offentleg sektor**

For å auke merksemda om og etterlevinga av felles krav til statlege verksemder om styring og samordning av IKT-prosjekt, bruk av arkitekturprinsippa og bruk av fellesløysingar som eID og Altinn har Difi utvikla eit sjølvdeklareringsskjema. Det kan brukast internt i verksemder, mellom verksemder og overordna departement og i dei enkelte departementa si fremjing av IKT-relaterte satsingsforslag. Det er vidare i samarbeid med FAD og Finansdepartementet (FIN) etablert ein ny rutine i budsjettprosessen. Heretter skal alle satsingsforslag som inneheld ein større IKT-del, sendast i kopi til FAD saman med eit utfylt sjølvdeklareringsskjema.

Difi har i samarbeid med SSØ og fleire andre offentlege verksemder utvikla og lansert ein første versjon av Prosjektrettleiaren, eit nettbasert rettleiingsopplegg for gjennomføring av IKT-prosjekt i offentleg sektor. Prosjektrettleiaren er eit verkemiddel for å styrkje leiinga, planlegginga og kvaliteten i offentlege IKT-prosjekt og å medverke til gjenbruk og heilskap i IT-løysingane på tvers av sektorar og forvaltingsnivå.

Statens standardavtalar (SSA) er ein viktig mekanisme for å sikre høg kvalitet og varetaking av interessene til det offentlege i samband med IT-innkjøp. Alle standardavtalane er i 2009 harmoniserte og omsette til engelsk. Ein harmonisert og samanhengande avtaleportefølje inneber at avtalane har den same systematikken og oppbygginga. Det gjer dei langt meir brukarvennelege, noko som igjen fører til høgare kvalitet på IT-anskaffingane, og det sparer brukarane for tid. At alle avtalane er omsette til engelsk, gjer dei eigna for bruk ved IT-anskaffingar i eit EØS-perspektiv.

Delmålet blir rekna som nådd.

**2.4.4 Difi skal vere ansvarlig for handhevinga av §11 i Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven (universell utforming av IKT). Planen er at utvikling av definisjonar og funksjonelle krav til IKT-løysingane skal førast over til Difi i 2009. Difi må utforme forslag til IKT-forskrifter for universell utforming. Vidare må Difi byggje opp kompetanse og kapasitet til å vareta rolla som tilsyn på området i 2011**

Arbeidet med forslag til IKT-forskrifter er starta. I 2009 har innsatsen til Difi vore retta mot å utforme forslag til forskrift og velje ut og konsekvensvurdere standardar for utforming av automatar og nettstader. I dette arbeidet har vi vore i dialog med sentrale brukargrupper. Nødvendige behovsavklaringar rundt kompetanse og kapasitet som følgje av den nye tilsynsfunksjonen har vore og blir gjennomførte parallelt med forskriftsarbeidet.

Delmålet er nådd.



#### **2.4.5 Difi skal samarbeide med departementet i samband med nye regler i offentlighetsloven om vidarebruk av offentleg informasjon**

Det er ikkje gjort noko spesifikt arbeid her i 2009.

#### **2.4.6 Difi skal fungere som nasjonalt kontaktpunkt for EU-programma IDABC og CIP**

Difi har delteke i styringsgruppa for IDABC og sørgt for at det har vore norske representantar i dei relevante ekspertgruppene under programmet. Difi har vore spesielt aktivt i arbeidet med ny strategi for interoperabilitet på europeisk nivå og har mellom anna vore med i ekspertgrupper for semantikk, standardisering, eID og eSignatur.

Utlysinga av CIP-programmet i januar 2009 var den første utlysinga der Difi har hatt ansvaret for å formidle informasjon til norske verksemder. Noreg har i denne perioden blitt med i to store pilotprosjekt under CIP ICT: Norsk senter for telemedisin er blitt med i eit stort helsereelatert prosjekt, og Difi er komme med som deltakar i EUs store pilot for felles eID (STORK).

Det er gjennomført fleire informasjonsaktivitetar for å stimulere til deltaking i CIP ICT-prosjekt; mellom anna blei det gjennomført ein norsk informasjonsdag og eit etterfølgjande møte med aktørar frå helsesektoren.

Difi har vidare hatt ansvaret for eit nasjonalt nettverk for tilknytning til EU-nettverket sTesta. sTesta er eit horisontalt tiltak innanfor IDABC-programmet. Behovet for å flytte det sentrale norske tilknytingspunktet til ein ny lokasjon har ført til at nye brukarar er sette på vent til flytteprosessen er gjennomført (tidleg i 2010). Nettverket har hatt svært god teknisk stabilitet i 2009.

#### **2.4.7 Styringsparametere hovudmål 4**

Det er gjennomført ei undersøking med målingar baserte på Google-søk med to målepunkt: 01.01.2009 og 08.02.2010. Dei konkrete resultatane er usikre, men gir likevel indikasjonar som gir dei verdi som styringsparameter.

Resultatane viser følgjande:

- Kommunane har ein klar auke i publiserte dokument av typen PDF og ODT.
- Samla sett er det ein mindre reduksjon i publiserte dokument i DOC-/DOCX-format.
- Særleg auken i ODT kan indikere at mange kommunar har innretta seg etter forvaltingsstandardane.
- Departementa har ein auke i alle dokumenttypene.
- At det er ein klar auke i DOC/DOCX målt mot ODT, kan indikere at det framleis er behov for å gjere forvaltingsstandardane kjende i departementa.

Informasjon gjennom media tyder òg på at enkelte aktørar vurderer å ta i bruk kontorstøtteprogramvare som har ODF som standardformat, på bakgrunn av tilvisingane i referanse katalogen.

## **2.5 Hovudmål 5: Difi skal etablere og drive ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor**

Arbeidet under hovudmålet blei organisert som eit program med ein eigen programdirektør. Det har bidrege til god måloppnåing.

Difi har i 2009 gjennom eID-programmet utvikla ein robust og framtidretta infrastruktur for eID i offentleg sektor. Kravspesifikasjon for eID på nivå 3 er implementert i MinID, som blei lansert 24. november. Også versjon 1.0 av ID-porten – tidlegare Samtrafikknavet – blei sett i drift 24. november, men utan eID-ar frå marknaden.

ID-porten er lagd til rette for at ein skal kunne logge seg på offentlege tenester med den same elektroniske identifikasjonen uavhengig av kvar tenestene kjem frå. Ved utgangen av 2009 er det berre MinID som kan brukast.

Hausten 2009 blei det utført ein samfunnsøkonomisk analyse av eID-programmet. Det var FAD som hadde bestilt analysen, som blir følgd opp av Difi. Analysen blei utført av eit uavhengig konsulentselskap og levert i januar 2010.

### **2.5.1 Saman med Skattedirektoratet skal Difi utvikle eit opplegg for distribusjon av ein felles offentleg eID på mellomhøgt tryggleiksnivå (nivå 3) til innbyggjarane. Eit tilbod til innbyggjarane om oppgradert MinID skal vere på plass i 2009. Distribusjonsordninga skal være tilrettelagd slik at vi oppnår størst mogleg spreing utover dagens utbreiing av MinID**

MinID 3.0 blei lansert som planlagt 24. november 2009. MinID 3.0 er realisert gjennom eit samarbeid med Skatteetaten som byggjer på forprosjektrapporten frå 2008 om eID, nivå 3.

MinID hadde i 2009 ein vekst i talet på brukarar på 198 prosent, mens talet på autentiseringar auka med 258 prosent til 5,5 millionar.

Delmålet blir rekna som nådd.

**2.5.2 Difi skal vidareutvikle og drive et samtrafikknav for eID som kan validere MinID og aktuelle eID frå marknaden som oppfyller offentlege krav til tryggleik. Samtrafikknavet skal også tilby felles pålogging til fleire tenester. Navet skal kunne utvidast med ein valideringsfunksjon for eID frå nasjonalt ID-kort når dette er på plass. Navet skal også leggast til rette for seinare utvikling av løysingar for validering av verksemdsertifikat til bruk i offentleg sektor**

Samtrafikknavet fekk i 2009 namnet "ID-porten". Versjon 1.0 av ID-porten blei utvikla med basis i den tekniske plattformen for MinID og ferdigstilt saman med MinID versjon 3.0 hausten 2009. ID-porten versjon 1.0 blei lansert 24. november.

ID-porten oppfyller offentlege krav til tryggleik og vil tilby felles pålogging til alle offentlege tenester for tenesteeigarar som knyter seg til.

I april blei det sett i gang eit anskaffingsløp av eID-ar på nivå 4 i samsvar med anskaffingsforma konkurranseprega dialog. I juni blei tre leverandørar prekvalifiserte. Dialogen tok til i juli og har halde fram ut året i samsvar med anskaffingsreglementet. Delmålet blir derfor rekna som delvis nådd.

**2.5.3 Difi skal i samarbeid med FAD arbeide med å leggje til rette for tenelege forretningsmodellar for bruk av eID frå marknaden**

Gjennom konkurranseprega dialog (jf. delmål 2) er det arbeidd med ulike fordelingsmodellar overfor tenesteeigarane. Det er semje om sentrale prinsipp for modellen, som i korte trekk inneber at tenesteeigarane dekkjer kostnadene for å bruke marknads-eID-ane, at det skal vere føreseieleg prising, og at innbyggjarane fritt kan velje blant dei eID-ane som blir tilbydde.

Delmålet blir rekna som delvis nådd.

**2.5.4 Difi skal sikre profesjonell forvaltning og drift av Samtrafikknavet (versjon 1 og deretter versjon 2) og MinID med oppgradering, slik at de varetar brukarane og tenesteeigarene sine behov. I dette skal Difi utvikle en tryggleiksspolicy som skal ligge føre innan 1.7.09**

Ansvar for drift og forvaltning av og brukarstøtte til MinID versjon 3.0 og ID-porten versjon 1.0 blei i løpet av 2009 overført frå programmet til Difis driftsavdeling.

Difis brukarstøtte svarte i 2009 på 181 000 telefonsamtalar og ca. 20 000 e-postmeldingar. Brukarstøtta er tilgjengeleg mellom klokka 08 og 16 alle kvardagar og hjelper innbyggjarane med bruk av MinID, PIN-kodar og spørsmål om elektroniske tenester. Difis brukarstøtte har etablert eit samarbeid med andre store brukarstøttesenter i offentleg sektor, mellom anna Skatteopplysninga, Altinn, NAV og Lånekassen.

MinID versjon 3.0 er ei vidareutvikling av MinID versjon 2.0 og er basert på tryggleikspolicyen som blei utarbeidd for den. Hausten 2009 blei det gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse av MinID med fokus på tryggleik i drift og forvaltning av løysinga. I analysen kom det fram at tryggleiken rundt MinID er god.

Sjølv om tryggleiken er vurdert som god, kjem tryggingsarbeidet til å halde fram i 2010, og Difi er i ferd med å opprette ei eiga eining for informasjonstryggleik. Målet blir rekna som nådd.

### **2.5.5 Difi skal vidareutvikle og oppdatere Kravspesifikasjon for PKI i offentleg sektor for å styrke tryggleiken til eID til bruk i det offentlege**

Eit utkast til ein ny versjon av kravspesifikasjonen for PKI blei sendt over til FAD i november 2009. I desember fekk Difi eksterne signal om at den nye versjonen kunne få uønskte konsekvensar for eksisterande tenester som nyttar verksemdssertifikat. Det blei derfor bestemt at det skal utarbeidast eit omarbeidd utkast av kravspesifikasjonen.

Målet blir rekna som delvis nådd.

### **2.5.6 Difi skal også vidareutvikle og halde ved like kravspesifikasjonar for eID på andre tryggleiksnivå**

Kravspesifikasjonen for MinID 3.0 vil bli vidareutvikla etter behov. Arbeidet med å publisere kravspesifikasjon for MinID blei utsett til etter at løysinga blei sett i drift 24.11. Kravspesifikasjonen er p.t. ikkje publisert, men det er lagt planar for korleis krava skal gjerast tilgjengelege for tenesteeigarane.

Difi har valt å ikkje lage nokon generell kravspesifikasjon for tryggleiksnivå 3. Grunnen til det er at Difi i arbeidet sitt med mellom anna ID-porten, samfunnsøkonomisk analyse og Nasjonal eID har erfart at fokuset for tenesteeigarane framover ligg i tryggleiksløysing for nivå 4. Difi finn det derfor ikkje formålstenleg å lage ein generell kravspesifikasjon for eID nivå 3.

Målet blir rekna som delvis nådd.

### **2.5.7 Difi skal drive rådgjeving og kompetansetiltak om innføring og bruk av eID for offentlege etatar som tilbyr tenester på nett til innbyggjarane eller næringslivet**

Difi har gjennom ei rekkje kundemøte, konferansar og temamøte utført rådgiving og kompetanseoverføring om bruk av eID for offentlege verksemdar og næringsliv. Difi har hatt eID-stand på konferansar (eID i offentleg sektor var mellom anna ein eigen sesjon under konferansen Nokios) og har i samarbeid med Statens Dataforum arrangert eit eige temamøte om eID med 110 deltakarar. Vi har òg etablert eit nyheitsbrev som vi sender ut til om lag 200 mottakarar ein gong i kvartalet.

Delmålet blir rekna som nådd.

### **2.5.8 Rettleiar til "Rammeverk for autentisering og uavviselighet" skal vere publisert og marknadsført**

Difi har utvikla ein elektronisk rettleiar for risikovurdering av elektronisk kommunikasjon. Rettleiaren er ferdigstilt og blir publisert i januar 2010. Rettleiaren understøttar eID-satsinga ved å gi ei innføring i risikovurderingar for offentlege verksemdar og vise korleis rammeverket skal brukast når verksemdene legg opp til elektroniske tenester eller samhandling. Rettleiaren er integrert med prosjekttettleiaren. Det er elles oppretta eit samhandlingsrom i tilknytning til rettleiaren der Difi vil svare på spørsmål og brukarane kan diskutere utfordringar.

Delmålet blir rekna som nådd.

### **2.5.9 Difi skal stø Politidirektoratet med utvikling av kravspesifikasjonar og anbudsgrunnlaget for eID-delen i nasjonalt ID-kort. Kravspesifikasjonen skal forankrast i relevante etatar og kommunar**

Under eID-programmet blei det oppretta eit prosjekt, Nasjonalt ID-kort, saman med Politidirektoratet. Gjennom det har Difi i 2009 hjulpt Politidirektoratet med politiets data- og materielltenestes anskaffing av nasjonalt ID-kort med eID. Det har vore eit tett samarbeid i utarbeidinga av konkurransegrunnlaget. Difi har særleg vore til hjelp i samband med kontaktbrikka på kortet (smartchip), og med programvare og informasjonstryggleik knytt til produksjonen av elektronisk ID på tryggleiksnivå 4. Difi har i tillegg bidrege med juridisk kompetanse i tilknytning til anskaffinga.

I løpet av 2009 blei det avdekt ei rekkje tilhøve som burde ha vore avklarte før prosjektet blei starta opp, og som har hindra framdrifta til prosjektet. Det er derfor sett i gang eit forprosjekt som skal sørge for nødvendige avklaringar, og ein del planlagde prosjektaktivitetar for 2009 blir forskyvde til 2010.

Delmålet blir rekna som delvis nådd.

### **2.5.10 Styringsparametere hovedmål 5**

- Kravspesifikasjon for eID på nivå 3 er implementert i MinID, som blei lansert 24. november 2009.
- Versjon 1.0 av ID-porten, tidlegare Samtrafikknvet, blei sett i drift 24. november 2009, men utan eID-ar frå marknaden.
- Ny, felles kravspesifikasjon for eID på nivå 3 er ikkje publisert.
- Revidert kravspesifikasjon for PKI er ikkje endeleg ferdigstilt.

Dei to første styringsparametrane blir vurderte som dei viktigaste for å nå hovudmålet. Dei støttar godt opp under konklusjonen om at hovudmålet – at

Difi skal etablere og drive ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor – er nådd.

## **2.6 Hovudmål 6: Difi skal leggje til rette for samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp**

Difi har etablert anskaffelser.no, som vil vere hovudkanalen vår for å etablere ein felles kunnskapsbase for å gjere offentlege anskaffingar betre. Her blir det bygd malar, rettleiingar, standardformular, kontraktar og konkurransegrunnlag som innkjøparane skal bruke for å gjennomføre anskaffingane sine på ein best mogleg måte. Det blir òg bygd ulike e-verktøy (som KGV og ny e-handelsplattform), som skal gjere innkjøpsprosessen betre og enklare.

Den andre hovudstrategien er å etablere nettverk for å utveksle erfaringar mellom innkjøparar. Difi har etablert nettverk dep., knutepunkt og eit svært godt samarbeid med Fylkeskommunalt innkjøpsforum som dekkjer fylkeskommunane og mange av kommunane. Her er vi godt i gang, men nettverkssatsinga skal byggjast ut og styrkjast kraftig.

Kompetansebygging er den tredje hovudpilaren i Difis arbeid på dette området, og Difi har bygd opp ein omfattande kursportefølje. Her er både grunnkurs og ein serie spesialkurs dekte. Evalueringane frå kursdeltakarane har vore svært gode.

I ei brukarundersøking av Difis tenester, oppgir 31 av 55 verksemder at dei har brukt tenester innanfor offentlege anskaffingar nokre gonger eller ofte dei siste tolv månadene. 89 prosent av respondentane har kjennskap til anskaffelser.no, og 76 prosent bruker nettstaden delvis eller aktivt.

### **2.6.1 Difi skal vidareutvikle Doffin.no og Ehandel.no, under dette setje i verk ny ehandelsplattform**

Funksjonaliteten på Doffin er utvida. Difi arbeider no med å betre integrasjonen mellom det elektroniske verktøyet for konkurransegjennomføring (KGV) og Doffin. 169 offentlege verksemder har inngått avtale om bruk av eit av verktøya for KGV. Mange av dei har opptredd saman. Meir enn 500 konkurransar er gjennomførte med bruk av verktøya, men det er òg mange av dei 169 verksemdene som ikkje har teke verktøya i bruk. Difis rolle her er å promotere verktøya og følgje opp kontraktane med leverandørane.

Difi signerte ein avtale om ei ny e-handelsplattformteneste 2. november 2009. I den nye tenesta er det lagt vekt på ny funksjonalitet for å oppnå eit langt høgare omsetningsvolum, mellom anna tilgang til ei enkel bestillingsløysing og forenkla etablering av produktkatalogar.

Målet er nådd.

### **2.6.2 Difi skal hjelpe departementet i å førebu innføring av elektronisk faktura i staten**

Arbeidet med å førebu innføring av elektronisk faktura tok til hausten 2009. Det er sett i gang eit arbeid med å innføre standardformata for elektronisk faktura og å vurdere alternative modellar for løysingsarkitektur. Målet er delvis nådd.

### **2.6.3 Difi skal avslutte forprosjektet om leverandørregister, og eventuelt starte etablering av slikt register etter nærare avklaring med departementet. Vi ber om å verte orienterte om resultatata frå forprosjektet innan 15 april 2009**

Difi leverte ein forprosjektrapport til FAD med tilrådingar 27. mai 2009 og vurderer dermed målet som nådd.

### **2.6.4 Difi skal utvikle innkjøpsnettverk og sikre at kunnskap om offentlege innkjøp vert innhenta, systematisert og vidareformidla, mellom anna gjennom fagsamlingar for innkjøpsnettverk**

Difi har etablert innkjøpsnettverk for alle innkjøpsansvarlege i departementa. Det er etablert eit eige samhandlingsrom på [anskaffelser.no](http://anskaffelser.no) der det er distribuert forslag til anskaffingsstrategiar, rutinebeskrivingar og organisering av innkjøpsfunksjonen. Det er halde éi nettverkssamling, der òg representantar frå Riksrevisjonen deltok. Vidare har Difi innleidd eit samarbeid med Fylkesinnkjøp, som er eit etablert landsdekkjande nettverk av innkjøpsleiarar frå alle fylkeskommunane. Difi støttar nettverket med fagleg utvikling og rettleiing i samband med etablering av anskaffingsstrategiar og organisering av innkjøpsfunksjonen.

Difi reknar målet som delvis nådd og vil halde fram utbygginga av nettverksstøtte i 2010.

### **2.6.5 Difi skal styrke et nettbasert informasjons- og kommunikasjonstilbod om offentlege innkjøp**

Difi lanserte nettstaden for offentlege anskaffingar, [www.anskaffelser.no](http://www.anskaffelser.no), 6. juli 2009 og har med det innfridd målet. Nettstaden er Difis viktigaste verkemiddel for kompetansebygging og etablering av beste praksis for anskaffingane til offentlege oppdragsgivarar. Nettstaden har hatt ein jamn auke i talet på brukarar, og fleire hundre nye kjem til kvar månad.

### **2.6.6 Difi skal utarbeide malar, standard konkurransegrunnlag, kontraktar, og anna rettleiingsmateriell som kan hjelpe innkjøparar med å forbetre innkjøpsprosessen**

På nettstaden [www.anskaffelser.no](http://www.anskaffelser.no) er det distribuert relevant anskaffingsfagleg materiale frå nyheiter til malar, standardkontraktar, beste praksis o.a. Nettstaden viser òg på ein instruktiv måte at offentlege oppdragsgivarar har eit viktig

ansvar for å rette seg etter lov og forskrift, og han viser kor viktig det er å setje av nok tid og ressursar i anskaffingsprosessen. Difi har nådd målet ved at nettstaden er oppretta.

### **2.6.7 Difi skal gje kurstilbod for innkjøparar og leiarar om offentlege innkjøp**

Difi har gjennomført ein konkurranse om opplæring innanfor lov og forskrift om offentlege anskaffingar, miljø- og samfunnsansvar, leiarforankring, etikk og etisk refleksjon, og andre utvalde anskaffingsfaglege tema. Det er eit landsdekkjande tilbod med høve til å ta kurs i Tromsø, Trondheim og Oslo.

Difi har ved hjelp av eigne tilsette drive opplæringstilbod for ei rekkje offentlege verksemder og har delteke aktivt på kurs og konferansar over heile landet. Difi har gjennom å etablere eit landsdekkjande opplæringstilbod nådd målet.

### **2.6.8 Difi skal delta i internasjonalt samarbeid for å bidra til standardisering og gjennomføring av offentlege innkjøp på tvers av landegrensar, og koordinere og fylje opp europeisk pilotprosjekt om elektronisk handel (del av CIP ICTPSP, ref brev frå FAD av 12.02.2008 og avtale med Kommisjonen)**

Difi har delteke aktivt i standardiseringsarbeid i EUs organ for IKT-standardisering CEN/ISSS. Arbeidsgruppa Business Interoperability Interchange (BII) publiserte omforeinte standardformat for elektronisk handel (basert på UBL 2.0) og reglar for bruk av dei medio desember 2009. Det er desse formata som no blir implementerte i Noreg, og som blir brukte i prosjektet "Elektronisk faktura i offentleg sektor" og på eHandel.no.

Difi har leidd Pan European Public Procurement OnLine (PEPPOL) og har delteke i alle delprosjekta i ulik grad. Prosjektet er i rute, og EU-kommisjonen hadde i 2009 ein gjennomgang etter det første prosjektåret. EU-kommisjonen var nøgd. Vi reknar målet som nådd.

Difi vil, mellom anna gjennom deltakinga frå operatørane våre på eHandel.no, sikre at PEPPOL-leveransane blir implementerte i dei nasjonale e-handelsløysingane våre.

### **2.6.9 DIFI skal legge til rette for betre statistikk frå Doffin-databasen, og å utvikle eigna metode og utarbeide statistikk som i størst mogleg grad oppfyller Noregs internasjonale skyldnader (WTO/GPA)**

Kvar enkelt registrert verksemd i Doffin kan no trekkje ut statistikk som er i samsvar med rapporteringskrava frå EU og WTO/GPA. Det er problem når det skal trekkjast ut statistikk for alle dei 1300 registrerte brukarane. Dei største utfordringane med omsyn til statistikk frå Doffin har likevel meir med innregistrerte data å gjere enn med sjølve statistikkfunksjonaliteten. Ytterlegare forbetringstiltak må derfor rettast mot offentlege oppdragsgivarar si



innregistrering av data ved kunngjeringar av konkurransar og kontraktstildelingar.

Statistikk er levert, og målet er nådd, men det er eit stort behov for å forbetre statistikkgrunnlaget. Det vil vere ei satsing i 2010.

### **2.6.10 Styringsparameter hovudmål 6**

- Det ligg ikkje føre tal på statlege/offentlege verksemdar med ein vedteken innkjøpsstrategi og eit vedteke innkjøpsprinsipp.
- Det blei handla for NOK 5 milliardar på e-handelsplattforma i 2009, av 60 brukarar – 10 av dei storbrukarar som representerer meir enn halvparten av omsetninga.
- 169 verksemdar bruker KGV-verktøya.

## **2.7 Prosjekttilskot til digital fornying i kommunane**

### **2.7.1 Difi skal forvalte tilskotsordninga**

Tilskotsordninga er forvalta i samsvar med gjeldande regelverk for tilskotsordningar og dei føringane departementet har gitt i supplerande tildelingsbrev. Totalt er det gitt tilsegn om tilskot på 60 millionar kroner til 161 prosjekt. 290 kommunar og 13 fylkeskommunar er med i prosjekta frå kommunal sektor, og 8 fylkesmenn og 5 andre statlege verksemdar er samarbeidspartnarar.

Tilskotsordninga blei utlyst med to søknadsfristar, i mai og september. Gjennom dei to behandlingrundane blei det gitt tilsegn om heile tilskotsramma på 60 millionar kroner. Vilkåra i tilskotsbreva er aksepterte av den ansvarlege tilskotsmottakaren. Utbetalinga er delt i inntil tre delar avhengig av storleiken på tilskotet. Første delutbetaling har i hovudsak skjedd i 2009 som følgje av at tilskotet blei akseptert. Andre delutbetaling vil skje våren 2010 etter innsend og godkjend årsrapport. Den siste delutbetalinga vil skje når prosjekta er ferdige og sluttrapporten er send inn, seinast hausten 2011. Rapporteringa frå tilskotsmottakarane vil òg innehalde tilbakemeldingar på tilskotsordninga sine kriterium for måloppnåing.

## **2.8 Overordnede styringsparametre**

Styringsparametrar som er meinte å vere faste over tid og gi grunnlag for å sjå resultata av Difis verksemd og følgje utviklinga av direktoratet over fleire år:

### **2.8.1 Jamlege målingar av tilfredsheit i departement, etatar mv for Difis verksemd**

Difi har gjennomført ei brukarundersøking blant departement og etatar om kjennskapen til Difis overordna strategiar og Difis tilbod innanfor rådgiving, evaluering, konferansar, informasjon/retteleiing og kurs/opplæring.

Undersøkinga bad éin respondent om å svare på vegner av heile verksemda om verksemdas kjennskap til, bruk av og tilfredsheit med Difis tilbod dei siste tolv månadene. Undersøkinga blei gjennomført blant 123 statlege verksemdar i januar/februar 2010, og vi fekk svar frå 82 verksemdar, altså ein svarprosent på 70. Det er første gongen Difi gjennomfører ei slik undersøking. Resultata skal brukast til å vidareutvikle tenestene våre, og forma, innretninga og frekvensen på undersøkinga vil like eins bli vurderte og utvikla vidare.

Resultata frå brukarundersøkinga viser at mange har kjennskap til strategiane og tilboda til Difi, men at Difi framleis har eit forbettringspotensial både for å gjere breidda i tilbodet kjend, og for at fleire skal ta i bruk tenestene. 70 prosent av dei spurde har brukt Difis tenester dei siste tolv månadene, og av dei 25 verksemdene som ikkje har brukt dei, oppgir 19 prosent at grunnen er at det ikkje har vore aktuelt. 6 verksemdar oppgir at dei er usikre på kva Difi kan tilby.

Dei som bruker tenestene til Difi, har eit gjennomgåande meir positivt inntrykk av Difi enn dei som ikkje gjer det. På spørsmål om korvidt påstanden ”Difi leverer gode tenester” kjenneteiknar Difi, svarer 64 prosent av dei som har brukt Difis tenester, at dette stemmer i stor eller svært stor grad, mens berre 16 prosent av dei som ikkje har brukt dei, svarer det same. Den same tendensen gjeld for påstandane ”Difi treffer behovet til forvaltninga” og ”Difi har solid fagkunnskap”. Tilsvarande ser vi at dei som har brukt tenestene, oppgir at dei har hatt utbytte av dei – det gjeld særleg brukarane av kurs og opplæring, konferansar og evaluering, som for det meste melder om stort utbytte. Det er positivt at brukarane er nøgde og har utbytte av tenestene våre, men resultata viser tydeleg at vi har mykje å hente på å gjere tilbodet betre kjent og brukt når vi skal prøve å nå måla våre.

Kurs og opplæring er tilbodet flest har gjort seg nytte av, deretter følgjer konferansar og tilbod om informasjon og rettleiing. Tenestene som færrest har brukt, er rådgiving og evaluering. Difi tilbyr eit breitt spekter av tenester, der tiltak som kurs og konferansar er retta mot store brukargrupper, mens tenestene rådgiving og evaluering er meir retta mot enkeltbrukarar og såleis omfattar færre personar. Når vi tek med det i vurderinga, svarer resultata godt til forventningane og målsetjingane våre.

Vi har spurt verksemdene om dei har kjennskap til og bruker verktøya våre som plattform for leiing i staten og nettportalane. Resultata viser at verksemdene har god kjennskap til plattformen for leiing i staten, prinsippa for IKT-arkitektur, difi.no og anskaffelser.no, og at dei fleste bruker verktøya anten delvis eller aktivt. Færre kjenner og bruker prosjektveiviseren.no og Noreg.no, men desse resultata er som venta ettersom Prosjektrettleiaren blei lansert i oktober og Noreg.no primært er ei teneste som er retta mot innbyggjarane.

For å måle kjennskapen brukarane har til Difis overordna strategiar, har vi spurt kva verksemdene meiner kjenneteiknar Difi. Eit fleirtal meiner at vi i stor eller svært stor grad leverer relevante og gode tenester, at vi har solid fagkunnskap, og at vi bidreg til å effektivisere forvaltninga gjennom dei innbyggjarretta tenestene våre.

Respondentane meiner at vi i berre liten grad er nytenkjande og bidreg til meir samarbeid/samhandling og utvikling/fornyng av offentleg sektor. Resultata viser at Difi tryggjer posisjonen sin i forvaltninga, men at det enno er behov for å nå ut med Difis tilbod og tenester og styrkje innsatsen mot samarbeid og samhandling, felles tenester og erfaringsoverføring i offentleg sektor.

## 2.8.2 Evalueringar frå kurs, konferansar, seminar, program

Difi har sidan hausten 2009 brukt programmet Questback for elektronisk evaluering av alle kurs, konferansar, seminar og program som vi arrangerer. Evalueringane blir sende ut straks etter gjennomføring. Med det nye systemet har vi ein gjennomsnittleg svarprosent på 69, noko vi synest er svært tilfredsstillande samanlikna med tidlegare papirbaserte evalueringar.

Det nye systemet forenkler òg arbeidet med å samle og systematisere tilbakemeldingar og innspel frå kursdeltakarar, slik at vi kan bruke dei systematisk som grunnlag for utviklingsarbeidet på kurs- og konferanseområdet.

Vi har to hovudspørsmål til deltakarane, som går på oppfatning av fagleg nytte av kurset og kor nøgde dei er med forelesarane. På spørsmålet om fagleg nytte får vi ein samla snittskår på 3,8 (der 1 er dårlegast og 5 er best). På spørsmålet om kor nøgd ein er med forelesarane, har vi eit gjennomsnitt på 4,9 (der 1 er dårlegast og 6 er best). Desse resultata må vi seie oss svært godt nøgde med.

### 2.8.2.1 Kurs

Vi har gjennomført totalt 99 forskjellige kurs i 2009, med inntil 30 deltakarar på kvart kurs. Evalueringane våre viser at dei fleste er veldig nøgde med kurstillbodet vårt. Dei tidlege evalueringane frå i vår er vanskelege å samanstille, og vi har derfor valt å ikkje ta dei med i den totale vurderinga. Med bakgrunn i dei elektroniske evalueringane har vi fått ei oversikt over kursverksemda samla sett.

Følgjande tabellar er laga for å illustrere kven som deltek på kursa til Difi. Tala er baserte på evalueringane vi har fått inn, og viser derfor berre hovudtendensane.

<b>Kjønnsfordeling</b>	
Menn	21 %
Kvinner	79 %

<b>Alderssammansetjing</b>	
20–30 år	18 %
31–40 år	32 %
41–50 år	30 %
51–60 år	18 %
Over 60 år	2 %

<b>Stilling</b>	
Leiar	9 %
Rådgivar/saksbehandlar	57 %
Administrativt personell	25 %
Anna	9 %

<b>Arbeidsstad</b>	
Departement	18 %
Direktorat / anna statleg verksemd	70 %
Kommune/fylkeskommune	8 %
Anna	4 %

Som det går fram av tabellane, er eit stort fleirtal av kursdeltakarane kvinner. Av tabellane ser vi òg at den typiske kursdeltakaren hos oss er ei kvinne som jobbar som rådgivar/saksbehandlar, kjem frå eit direktorat eller ei anna statleg verksemd og er i 40-årsalderen.

Det kan vere interessant å samanlikne tala og prosentfordelinga på kursdeltakarane med tala for statstilsette samla sett.<sup>1</sup>

- Det er litt over 50 prosent kvinner tilsett i staten. Vi har 79 prosent kvinner på kursa våre, noko som betyr at kvinner er svært overrepresenterte og menn tilsvarende underrepresenterte.
- Snittalderen i staten er ca. 43 år, og nesten 1/3 av dei statstilsette er over 50 år. Vi har mange kursdeltakarar i alderen 30–50 år, men færre kursdeltakarar over 50 år enn ei rein spegling av fordelinga i staten skulle tilseie. Det ser altså ut til at dei mest erfarne av dei statstilsette i mindre grad deltek på kurs. Statistisk sett har vi òg overraskande mange kursdeltakarar i aldersgruppa 20–30 år.
- Ca. 1/5 av deltakarane kjem frå departementsnivå, og denne delen finn vi nokså rimeleg. Vi vender oss spesielt til departementa med visse opplæringstilbod, og det er lettare å få kursdeltakarar frå Oslo-området. Det kan diskuteras om delen frå departementa burde vore endå høgare. Det er òg stor variasjon i korleis dei enkelte departementa bruker kurstilboda til Difi.
- Prosentdelen leiarar på kursa i 2009 er ikkje så langt unna den faktiske delen leiarar i staten. Vi har tidlegare hatt ein noko større leiardel på kursa våre. Ei forklaring på det er at vi hausten 2009 har vore inne i ein fase der vi har utvikla eit heilt nytt tilbod til leiarar, og derfor har hatt eit mindre tilbod av reine leiarkurs.

### 2.8.2.2 Konferanser

Difi arrangerer kvart år fleire store konferansar. Vi har evaluert konferansane spesielt for å måle effekten av arbeidet vårt med tilrettelegging, og for å måle kor nøgde deltakarane er med konferansen generelt.

---

<sup>1</sup> Kjelde: Forvaltningsutsyn 2007, Difis rapport 2008:10.

Den gjennomsnittlege svarprosenten her er 70. Vi har målt foredragshaldarane på framføringsevne og fått ein gjennomsnittleg skår på 4,2 (på ein skala frå 1 til 6, der 1 er dårlegast og 6 er best). Det seier vi oss relativt nøgde med.

Vi har sett på dei same tala for konferansetilbodet, og samanlikna med kurs er det noko fleire menn, langt fleire leiarar og fleire frå departementa som deltek. Ein del av konferansane våre har målgrupper også utanfor staten, så ca. 1/4 av konferansedeltakarane kjem frå kommunar og fylkeskommunar.

Vi har foreløpig ingen sikre forklaringar på desse forskjellane, men det er til dømes rimelig at prosentdelen menn aukar når leiardelen er mykje høgare. Nokre av dei store konferansane appellerer kanskje òg spesielt til departementa i tema og fokus, og det kan forklare at det er ein del fleire departementsdeltakarar her enn det er på kursa.

### **2.8.3 Tilbakemeldingar frå oppdragsgjevarar**

Tilbakemeldingar frå oppdragsgivarane kjem først og fremst gjennom møte i slutfasen i prosjektarbeidet. Difi får gjennomgåande gode tilbakemeldingar som bekreftar at Difi sit på ein verdifull forvaltingskompetanse, og at arbeidet stort sett held høg fagleg standard. I dei tilfella der oppdragsgivarane har vore meir kritiske til arbeidet som blir utført, kjem det som regel av at mandatet og framgangsmåten ikkje har vore tydeleg nok kommunisert, eller at kontakten har vore for dårleg undervegs.

### **2.8.4 Årlege møte med departementa**

FAD og Difi har årleg møte med alle departementa for å få tilbakemeldingar på arbeidet Difi gjer, og innspel til det vidare arbeidet. Difi utarbeidde eit eige notat til desse møta. Difi opplever det som verdifullt å ha ein slik møteplass saman med departementa og FAD. Nokre departement har ei samla tilbakemelding på verksemda til Difi, mens andre er opptekne av konkrete aktivitetar.

### **2.8.5 Indikatorar for intern effektivitet**

Direktoratet har ikkje noko tidsregistreringssystem som fordeler ressursbruken på aktivitetar eller formål.

Om lag 10 prosent av de tilsette i Difi i 2009 hadde reint administrative oppgåver, dette gjelder i hovudsak personalet i administrasjonsavdelinga.

Det blei gjennomført ei medarbeidarundersøking seint i 2008. I 2009 har Difi sett i verk tiltak som svar på funna der, sjå òg punkt 3.1.3 nedanfor.

### **2.8.6 Økonomi**

Direktoratet har hatt god og målretta styring av økonomien gjennom året.

Vedlegg 2: *Løyvingar og rekneskap 2009* gir ei oversikt over alle kapitla/postane i rekneskapen til Difi.

## **3 Administrative føringar og organisasjon**

### **3.1 Administrative føringar**

#### **3.1.1 IKT-området og elektronisk forvaltning**

I 2009 har talet på aktive Miside-brukarar, det vil seie brukarar med meir enn éi innlogging, auka frå 438 691 til 796 572 (altså ein auke på meir enn 81 prosent). Tala viser at stadig fleire av Miside-brukarane loggar seg inn meir enn éin gong – i alt 92 prosent, mot 83 prosent ved utgangen av 2008. Miside tilbyr i dag tenester frå 15 statlege etatar og 67 kommunar. Dei fleste av tenestene har hatt ein solid auke i besøkstalet i 2009.

MinID hadde ved utgangen av 2009 over 1,6 millionar unike brukarar. Tryggleik og dataintegritet er avgjerande før vi lanserer nye tenester på Miside, og når vi tek i bruk nye versjonar av MinID. MinID versjon 3.0 blei lansert i veke 48.

Difi er pådrivar for auka kvalitet i offentleg sektor og ansvarleg for den årlege kvalitetsvurderinga av offentlege nettstader. I 2009 er det gjort utbetringar på nettstaden vår, [www.difi.no](http://www.difi.no), i samsvar med WAI-kriteria. Vi fekk 5 stjerner i vurderinga og oppfyller no 79 prosent av indikatorsettet, mot 63 prosent i 2008. Dei andre eksterne nettstadene våre fekk følgjande vurdering:

- Anskaffelser.no – 74 prosent – 5 stjerner
- Doffin.no – 51 prosent – 3 stjerner
- eHandel.no – 65 prosent – 4 stjerner
- Noreg.no – 65 prosent – 4 stjerner
- Norsk lysingsblad – 59 prosent – 4 stjerner
- Prosjektrettleiaren – 71 prosent – 5 stjerner

I 2009 har vi lagt grunnlaget for ein einskapleg domenepolitikk i Difi. Alle nye nettstader har eit sett med verktøy basert på opne standardar og felles arkitekturprinsipp, og dei skal tilfredsstillе krava om universell utforming.

#### **3.1.2 Brukarundersøkingar**

Difi gjennomfører regelmessige systematiske undersøkingar av kor nøgde brukarane er, og kva tilbakemeldingar dei gir, i form av jamlege målingar, evalueringar frå kurs, konferansar, seminar og program, tilbakemeldingar frå oppdragsgivarar i slutfasen av prosjektarbeid og årlege møte med departementa. Det er gjennomført ei undersøking blant 125 statlege verksemder om bruken av og tilfredsheita med Difis tenester for 2009. Resultata blir offentleggjorde på [difi.no](http://difi.no). Kursevalueringar og tilbakemeldingar frå oppdragsgivarane blir brukte internt til å vidareutvikle tilboda våre til forvaltninga og blir ikkje offentleggjorde. Les meir om dei enkelte brukarundersøkingane under punkt 2.8 Overordna styringsparametrar.

### 3.1.3 Staten som arbeidsgjevar

Difis personalpolitikk har fokus på mangfald ved mellom anna å leggje til rette for å rekruttere og behalde personar med funksjonshemming og å sørgje for at seniorar kan stå i stillinga frem til aldersgrensa. Dette blir spegla i alle stillingsutlysingane til Difi, der vi tydeleg gir uttrykk for at vi har som mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing i tillegg til å rekruttere personar med funksjonshemming og personar med innvandrarakgrunn.

Difi blei IA-verksemd i mars 2009. For å redusere sjukefråværet la Difi i 2008 til rette for at dei tilsette kunne bruke inntil to timar av arbeidstida kvar veke til trening, og vi innførte refusjon av dokumenterte utgifter til treningsaktivitet. I løpet av 2009 har om lag 25 prosent av dei tilsette i Difi gjort seg nytte av dette tilbodet. I 2008 var sjukefråværet 5,1 prosent, og Difi sette som mål at det ikkje skulle overskride 4,5 prosent i 2009. Vi nådde nesten målet; sjukefråværet for 2009 blei på 4,6 prosent.

Difi er bevisste på å leggje til rette for å tilsetje personar med redusert arbeidsevne ved å tilpasse arbeidsplassen og arbeidsoppgåvene, gi høve til å arbeide heimanfrå og sørgje for at tilkomsten til arbeidsplassen er tilpassa personar som ikkje kjem seg så lett fram.

For å behalde seniorar har vi mellom anna innført ”seniordagane” i samsvar med hovedariffavtalen punkt 5.9, lagt til rette arbeidsoppgåver o.a., og tilbydd individuell berekning av pensjon. Vi inkluderer livsfasespørsmål, karriereutvikling og meistring i arbeidet som ein del av medarbeidersamtalen og legg til rette for å endre på arbeidsoppgåver og ansvarsforhold eller la dei som ønskjer det, gå over til ei anna stilling med mindre krevjande oppgåver.

Difi har som mål at færre enn 15 prosent av arbeidstakarane mellom 62 og 64 år skal ta ut full AFP, eller færre enn 20 prosent av arbeidstakarane over 65 år skal ta ut full AFP. Det er ambisiøse mål sidan berre om lag 6 prosent av dei tilsette hos Difi var over 62 år i 2009. Vi nådde ikkje målet vi hadde sett for å behalde seniorane i arbeid – éin arbeidstakar mellom 62 og 64 år og éin over 65 tok ut full AFP i 2009. Det utgjorde høvesvis 20 og 25 prosent.

For Difi er ei målbevisst satsing på kompetanseutvikling eit viktig verkemiddel for å tiltrekkje oss og behalde dyktige medarbeidarar. Difi legg derfor til rette for målretta kompetanseutvikling som skal hengje tett saman med framtidige krav, oppgåver og utfordringar som Difi blir stilte overfor. Som ein del av medarbeidersamtalane skal leiaren og medarbeidaren saman utarbeide årlege planar for relevante kompetanseutviklingstiltak.

Difi har arbeidd med leiings- og leiarutvikling med utgangspunkt i plattformar for leiing i staten. Vi har gjennomført to interne leiarsamlingar i 2009 om leiarutvikling i Difi og har utarbeidd eit forslag til kva som skal vere våre eigne leiarverdiar. Dei vil vi slutføre og fastsetje i 2010. Leiarverdiane skal liggje til grunn for vidare oppfølging og leiingsutvikling i Difi.

Arbeidstilsynets definisjon på mobbing og trakassering er ”når éin eller fleire personar gjentekne gonger over tid blir utsett(e) for negative handlingar frå éin eller fleire personar”. Arbeidsmiljøundersøkinga som Difi gjennomførte i desember 2008, avdekte at nokre få personar hadde kryssa av for at dei hadde vore utsette for mobbing og/eller uønskt seksuell merksemd éin gong det siste året. Det vil seie at Difi ikkje har noko stort mobbepproblem, men for den som har vore utsett for det, er det like fullt alvorleg. Difi er derfor klare på at vi har nulltoleranse for slik åtferd, og vi har sett i verk førebyggjande tiltak. Mellom anna har vi lagt ut på intranettet at Difi har nulltoleranse for slik åtferd, og temaet mobbing/trakassering har blitt teke opp på avdelingsmøte der det òg har blitt gitt tydelege signal om at slik åtferd er uakseptabel i Difi.

Det er utarbeidet rutine for varsling om kritikkverdige forhold i Difis HMS-håndbok.

### 3.1.4 Innkjøp

Difi har utarbeidd interne anskaffingsrutinar som skal sikre at alle anskaffingar blir gjennomførte i samsvar med regelverket. Rutinane slår fast at alle anskaffingar i Difi skal skje etter konkurranse, og allereie i behovsverifikasjonsskjemaet blir omsynet til at innkjøpa skal vere i tråd med reglane om miljøomsyn, vareteke. Difi har ein eigen innkjøpsansvarleg medarbeidar som ivaretek kvalitetssikring, støtte og opplæring i samband med anskaffingsprosessen. Alle innkjøp over 100 000 kroner skal dokumenterast i anskaffingsprotokollen.

Alle dokumentmalar knytte til innkjøp har innarbeidd miljøkrav etter regjeringas handlingsplan i 2007, *Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser*. Sjå elles punkt 3.1.5, Miljøtiltak.

### 3.1.5 Miljøtiltak

Målet for Difi i 2009 var å bli miljøsertifisert av stiftinga Miljøfyrtårn. I november 2009 blei Difi Oslo og Leikanger sertifiserte som miljøfyrtårnbedrifter. Gjennom arbeidet fram til sertifiseringa har Difi utarbeidd ei miljøhandbok som beskriv arbeidet i Difi, handlingsplanen for arbeidet og retningslinjer for dei fire fokusområda transport, avfall, energi og innkjøp. Organisasjonen har oppretta ein miljøansvarleg for å sikre miljøarbeidet.

Klimarekneskapan viser at den største miljøutfordringa til Difi er CO<sub>2</sub>-utslepp ved bruk av energi og transport med bruk av flyreiser. Innanfor fokusområda transport, energi, innkjøp og avfall har Difi oppnådd følgjande:

**Innkjøp:** Difi er medlem av Grønt Punkt og krev at alle leverandørar er med i ei emballasjereturordning. Det er utarbeidd rammeavtalar med miljøkrav for dei viktigaste produkta våre, som hotell, reiser og trykksaker.

**Transport:** Det er utarbeidd rutinar for bruk av bil under tenestereise der det er eit mål å sikre at det i større grad blir brukt elbilar og kollektivtransport. I 2009 blei det køyrt 7200 km (tal for Oslo) med taxi og privat bil i teneste.



Det er installert videokonferanseutstyr for å redusere talet på flyreiser mellom Oslo og Leikanger. Talet på flyreiser for 2009 var som følger:

1. halvår	Flyreiser	I/U
OSLO	121	innland
OSLO	131	utland
LEIKANGER	151	innland
LEIKANGER	4	utland
2. halvår		
OSLO	216	innland
OSLO	106	utland
LEIKANGER	14	innland

Avfall: Difi har gjennom sertifiseringsprosessen oppnådd målet om å kjeldesortere 75 prosent av avfallet, både i Leikanger og Oslo. Vi sorterer plast, organisk avfall, glas og elektronisk avfall. I 2008 blei sorteringsgraden estimert til 63 prosent.

Energi: Det er gjennomført ENØK-analyse for lokala i både Oslo og Leikanger. Energiforbruket er estimert til under 2500 kWh per årsverk og ligg godt under miljøsertifiseringskravet.

Difi har i 2009 utarbeidd ei miljøhandbok som mellom anna set fokus på informasjon, kunnskap og haldningsarbeid for å skape eit godt fungerande miljøstyringssystem i Difi. Dei viktigaste områda i miljøpolitikken til Difi er transport, anskaffingar, avfall og energi. Handlingsplanen for miljøtiltak for 2009 omfatta mellom anna å gjennomføre tiltak etter arbeidsmiljøundersøkinga 2008, å vidareutvikle innkjøpsmalane og følgje opp leverandørane med omsyn til miljøtiltak, å utvide avfallssorteringsordninga, å redusere energiforbruket og å kartlegge dei tilsettes bruk av transport til arbeidsreiser.

### 3.1.6 Klårspråk

Difi har vore svært bevisste på å arbeide med språket i verksemda i 2009. Hausten 2009 blei det gjennomført to språkkurstillbod. Språkrådet heldt eit tredagars nynorsk kurs for 14 deltakarar frå alle avdelingar, mens eit kortare nettkommunikasjons- og skrivekurs hadde til saman 30 deltakarar. Begge kursa fokuserte på brukartilpassa og godt statleg språk.

### 3.1.7 Likestilling – aktivitets- og rapporteringsplikta

Ved inngangen til 2009 hadde Difi 61,4 prosent kvinnelege tilsette, og ved utgangen av 2009 var kvinnedelen nede i 55,4 prosent. Sidan Difi legg vekt på mangfald, og eitt av måla er å oppnå ei balansert kjønnsamansetjing, er vi nærmare målet no enn førre år. Difi legg vekt på likestilling i dei forskjellige livsfasane ved å leggje til rette for fleksible arbeidstidsordningar, fordeling av ansvar og oppgåver, kompetanseutvikling og godtgjersle.

Difi kjem inn på spørsmålet om likestilling mellom anna i arbeidet med leing og medarbeidarskap i staten og gjennom kurs- og opplæringstilbodet. Vi ser at likestilling både kan vere eit spørsmål om temaval og korleis vi innrettar

arbeidet vårt, men òg eit spørsmål om kva målgrupper som nyt godt av tilboda våre / deltek i tiltaka våre.

Vi har ikkje hatt spesielle kjønnslikestillingstiltak i 2009. Derimot har vi jobba med fleire tiltak for mangfald og hatt kurs i mangfaldsleiing og kulturell intelligens. Vi jobbar òg litt med tilgrensande tema som diskriminering, inkludering og kunnskap om staten som arbeidsgivar og arbeidsplass.

Vi har eit stort fleirtal kvinnelege deltakarar på kursa våre, også på leiarkursa og større program, og på dei fleste tema. Det same gjeld konferansane våre, sjølv om kvinnefleirtalet her er noko mindre. Vi gjer oss tankar om kva som kan vere årsakene til det, og vil vurdere og følgje opp eventuelle endringar etter som vi utviklar kursporteføljen, gjer større bruk av nye læringsverkemiddel etc.

### **3.1.8 Integrering og mangfald –rapporteringsplikt**

Personalpolitikken til Difi legg vekt på mangfald, mellom anna ved å ha eit inkluderande arbeidsmiljø, stimulerande og utfordrande arbeidsoppgåver og konkurransedyktige vilkår, og ønskjer å rekruttere og behalde personar med innvandrarbakgrunn som ein del av mangfaldet. For å få til det er vi mellom anna bevisste på korleis vi utformar stillingsannonsar, kvar vi annonserer, og korleis vi vurderer søkjarane.

I 2008 hadde Difi 5,7 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn. Vi hadde som mål å auke prosentdelen til 10 i løpet av dei neste to åra (2009 og 2010), men ved utgangen av 2009 hadde han falle til 4,9 prosent. Nedgangen skriv seg i stor grad frå den store auken totalt i bemanninga. Det blei tilsett tre personar med innvandrarbakgrunn i 2009, mens éin person med innvandrarbakgrunn slutta i Difi.

## **3.2 Organisasjon**

Arbeidet med å byggje opp nødvendige administrative system og rutinar for Difi – mellom anna elektronisk dokumentflyt og arkivering, betre verksemds-, økonomi- og risikostyring, betre innkjøpsrutinar og rammeavtalar, system for HMS (medrekna miljøleiing) og informasjons-/kommunikasjonsplanar – har halde fram i 2009 og blir vidareført også i 2010.

I 2009 slutta 14 medarbeidarar i Difi. Ni av dei gjekk til nye stillingar – eller tilbake til gamle stillingar – i offentleg verksemd, éin gjekk til ei stilling i det private, to slutta for å halde fram med studia sine, og to gjekk av med AFP. Difi har i løpet av 2009 hatt 25 stillingsutlysingar – fleire av dei har omfatta fleire tilsetjingar – som til saman har gitt Difi 75 nye medarbeidarar. Det inneber at Difi i 2009 auka bemanninga med 61 tilsette, frå 123 til 184, ein auke på 49,6 prosent. Den største veksten har vore i Leikanger, der bemanninga har auka frå 32 tilsette frå inngangen av 2009 til 63 tilsette ved utgangen av året, altså ein vekst på heile 97 prosent.

På grunn av den store auken i bemanninga har det vore nødvendig å utvide lokala både i Oslo og Leikanger. Leikanger-avdelingane flytta inn i nye lokale i Statens hus i juni 2009, mens Oslo-avdelingane har utvida lokala på Myrens Verksted.

Kommunikasjonsavdelinga (i Leikanger) og administrasjonsavdelinga (i Oslo) har fått nye avdelingsdirektørar i 2009.

På bakgrunn av den store auken i talet på medarbeidarar i 2008 og 2009 blei det i juni vedteke å setje i verk eit arbeid med intern omorganisering. Fleire av avdelingane hadde på det tidspunktet 20 medarbeidarar eller meir, noko som hadde gitt avdelingsdirektørane eit stort kontrollspenn. Kriteria som blei lagde til grunn for ny intern organisering, var følgjande:

- Kontrollspennet til avdelingsdirektøren skal reduserast.
- Det skal vere rom for ulike organisasjonsmodellar / ulike tilpassingar av modellane i avdelingane.
- Avdelingsdirektøren skal framleis ha det overordna ansvaret for det faglege arbeidet og leveransane til avdelinga og den samla oppgåveporteføljen.

Andre viktige moment som det blei lagt vekt på i prosessen:

- Heilskapleg og strategisk leiing som legg til rette for samarbeid på tvers
- Tydeleg ansvarsfordeling og effektiv oppgåveløysing
- Utvikling og fleksibilitet som gir kompetente, kreative og engasjerte medarbeidarar
- Stadig kort avstand mellom leiar og tilsett, slik at leiaren er lett tilgjengeleg

Proessen blei gjennomført med stor medverknad både frå medarbeidarane sjølve og tenestemannsorganisasjonane i Difi. 01.01.2010 blei omorganiseringa sett i verk, og det resulterte i at tre avdelingar blei organiserte med nestleiarar, mens éi avdeling blei organisert i tre seksjonar. Dei nye leiarstillingane – tre underdirektørar og tre seksjonssjefar – vil bli utlyst tidleg i 2010.

**Oversikt over oppdrag frå departement og direktorat i 2009 jf.  
tildelingsbrevets hovudmål 1 pkt 7**

<b>Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet</b>	<p>Evaluering av bruk av tariffmiddel(APA)</p> <p>Integrering av fylkeslege og utdanningsdirektør i fylkesmannsembeta (STA)</p> <p>Strategi for administrative støttefunksjonar i departementa (STA)</p> <p>Bistand til departementrådsgruppa (dep.råden)</p>
<b>—Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet</b>	<p>Integrering av kjønns- og likestillingsperspektivet i budsjettprosessen</p> <p>Organisering av det nye Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet</p>
<b>Justis- og politidepartementet</b>	Grenseflater mellom DSB – Ptil - SFT
<b>Helse- og omsorgsdepartementet / Rikshospitalet</b>	Evaluering av nytten av <i>Sjukehusboka</i> – ei interaktiv bok for barn frå åtte til tolv år som er kronisk sjuke eller innlagde på sjukehus.
<b>Kunnskapsdepartementet</b>	Sekretariatsbistand til utvalet for læraranes tidsbruk
<b>Kulturdepartementet</b>	<p>Gjennomgang av Rikskonsertane</p> <p>Evalueringsopplegg for knutepunktfestivalar</p> <p>Oppfølging av tidligare departementsgjennomgang</p>
<b>Kommunal- og regionaldepartementet</b>	<p>Statlig tilsyn med kommunane</p> <p>Statlig styring av kommunesektoren</p> <p>Utredning av sentral valgeinheit</p>
<b>Olje- og energidepartementet</b>	Grenseflater mellom DSB og NVE
<b>Samferdselsdepartementet</b>	Sekretariatsbistand til vegtilsynsutvalet (ferdig)

<b>Utanriksdepartementet</b>	Strategi institusjonsbygging på Balkan EU kommisjonens hospitantordning
<b>Direktoratet for nødkommunikasjon</b>	Brukarundersøking naudnett
<b>Kredittilsynet</b>	Benchmarking administrative funksjoner
<b>Nettverk direktoratsleiarar</b>	Etablering av et kunnskapssenter for velferdsetatane
<b>Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet</b>	Spørjeundersøking om intern kommunikasjon.
<b>Utlendingsdirektoratet</b>	Evaluering av språkprosjekt Informasjon i asylmottak
<b>Statens forureiningstilsyn</b>	Gjennomgang av organisering av kjemikalieforvaltninga
<b>Utlendingsdirektoratet</b>	Kartlegging av informasjonsbehovet i asylmottak.

## Vedlegg 2 Løyvingar og rekneskap for 2009

### Kapitel 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT

#### Post 01 Driftsutgifter

Tildelingsbrev 12.2.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	116 354 000
Auka budsjett, FADs brev 25.05.09(RNB)	1 437 000
Overføring av ubrukte løyvingar frå 2008, FADs e-post 24.08.09	5 507 000
Supplerande tildelingsbrev 15.10.09 (Budsjettmessige verknader av lønnsoppgjeret)	699 000
Sum	123 997 000
Rekneskap pr 31.12.2009	119 510 852
Mindreforbruk	4 486 148

Ved rapporteringa pr 30.09.09 var det klart at ramma for 2010 blei oppfatta som strammare enn i 2009. Difi forsøkte derfor å styre mot noe overføringar på denne posten frå 2009 til 2010. Mindreforbruket er innanfor ramma av gjeldande regelverk og er søkt overført til 2009, kap/post 1560/01.

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*

Tildelingsbrev frå 12.02.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	25 899 000
Overføring av ubrukte løyvingar frå 2008, FADs e-post 24.08.09	6 419 000
Supplerande tildelingsbrev 07.09.09, Elektronisk faktura(5MNOK) og Universell utforming(2,065MNOK)	7 065 000
Supplerande tildelingsbrev 15.10.09, eID (12MNOK) og medarbeidarundersøking i staten samt kartlegging i forbindelse med utflytting av tilsyn(1.005MNOK)	13 005 000
Sum	52 388 000
Regnskap pr 31.12.2009	47 042 286
Mindreforbruk	5 345 714

Slik vi varsla om i rapporteringa pr 30.09.09 kunne tilleggsløyvinga til e-faktura gitt i supplerande tildelingsbrev 07.09.09 ikkje bli nytta etter intensjonane i 2009, det ble derfor styrt mot en overføring av størstedelen av denne løyvinga til 2010. Dette utgjør ca 4,5MNOK av mindreforbruket på denne posten i 2009. Mindreforbruket søkes overført til 2010, kap/post 1560/21.

#### Post 22 Miside, *kan overførast*

Tildelingsbrev 12.2.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	13 572 000
Overføring av ubrukte løyvingar frå 2008, FADs e-post 24.08.09	4 216 000
Sum	17 788 000

Regnskap pr 31.12.2009	11 533 886
Mindreforbruk	6 254 114

Det ble i 2008 og 2009 utarbeidet en strategi for utvikling av Noreg.no og Miside. I juni 2009 gav departementet en tilbakemelding på strategien. Med dette utgangspunkt har videre oppfølging og iversetting vært til planlegging hausten 2009. Utgiftene knytt til utvikling i tråd med dette er derfor faseforskove til 2010.

### **Post 23 Elektronisk ID, kan overføres**

Tildelingsbrev 12.2.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	80 000 000
Rekneskap pr 31.12.2009	51 723 091
Mindreforbruk	28 276 909

Også på dette området hadde Difi en stram styring av forbruket i 2009 for, ved hjelp av overføringer, å lette budsjettssituasjonen for programmet i 2010. Vidare er i overkant av halvparten av mindreforbruket dels påløpe ikkje betalte kostnader, dels utgifter bundne til kontraktar og faseforskyvingar av oppgåver. Samla sett forklarar dette kvifor eit så vidt stort beløp med dette søkes overført til 2010, kap/post 1560/23.

### **Post 60 Digital fornying i kommunane, kan overføres**

Supplerande tildelingsbrev 19.03.09	60 000 000
Rekneskap pr 31.12.2009	25 754 000
Mindreforbruk	34 246 000

Det ble ved rapporteringa 30.09.09 estimert en noe høgere utbetaling på ordningen enn det som ble tilfellet. Utbetalingane skjer i tråd med retningslinjer for tilskottet og framdrift i prosjekta. Det er gitt tilsegn om fordeling av hele bevilgninga, gjenstående utbetalinger vil skje dels i 2010, dels i 2011. Mindreforbruket søkes overført til 2010, kap/post 1560/60.

## Kapitel 4521 Direktoratet for forvaltning og IKT

### Post 01 Sal av informasjonstenester

Tildelingsbrev 12.2.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	0
Sum	0
Rekneskap pr 31.12.2009	0
Meirinntekt	0

### Post 02 Andre inntekter

Tildelingsbrev 12.2.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	0
Sum	0
Rekneskap pr 31.12.2009	992 000
Meirinntekt	992 000

Inntekta er knytte til Difis kostnader forbundet med større konferansar og liknande, jf St.prp. nr.1 (2008.2009) kap. 4521 post 02. I tråd med utvida meirinntektsfullmakt, FADs brev 20.11.09 vil dette beløpet søkes overført til 2010, kap/post 1560/01.

### Post 03 Diverse inntekter

Tildelingsbrev 12.2.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	4 620 000
Sum	4 620 000
Rekneskap pr 31.12.2009	4 590 000
Mindreinntekt	30 000

Dette gjelder i all hovudsak(4,5MNOK) refusjon av Difi driftsutgifter som prosjektkoordinator for EU-prosjektet Pan-European Public Procurement Online(PEPPOL). Mindreinntekta er knytt til Norsk Lysingsblad og skyldes inntekter for 2009 bokført i 2008.

### Post 04 Internasjonale oppdrag

Tildelingsbrev 12.2.09, jf St.prp.nr. 1 2008/2009	3 000 000
Rekneskap pr 31.12.2009	1 642 553
Mindreinntekt	1 357 447

Inntekta på denne posten er noe mindre enn budsjettert, det skyldes dels mindre behov for Difis tenester på dette området frå UD's side, dels at det tok lenger tid enn forventa å få etablere avtale med Makedonia.

### Post 16 Refusjon av foreldrepengar

Rekneskap pr 31.12.2009	758 801
-------------------------	---------

Ingen spesielle forhold å kommentere. Beløpet søkes overført til 2010,kap/post 15601/01.



## Post 18 Refusjon av sykepengar

Rekneskap pr 31.12.2009	1 426 555
-------------------------	-----------

Ingen spesielle forhold å kommentere. Beløpet søkes overført til 2010, kap/post 1560/01.

## Budsjettfullmakter, kapitel 1500, post 21 Spesielle driftsutgifter

Tildelingsbrev 12.2.09	7 000 000
Supplerande tildelingsbrev 07.09.09	8 100 000
Sum	15 100 000
Rekneskap pr 31.12.09	11 184 574
Mindreforbruk	3 915 246

Midla var fordelt på følgjande oppgåver:                      Løyving                      Forbruk 2009

- Nasjonal innbyggjarundersøking                      2,7MNOK                      NOK 3 069 479
- Klarspråk-prosjektet                      3,3MNOK                      NOK 2 579 164
- Leiararsats og leiingsplattform i staten                      9,0MNOK                      NOK 5 342 638
- Rapportering av klimagasskvoter                      0,1MNOK                      NOK 97 752

Mindreforbruket er i hovudsak knytt til Klarspråkprosjektet og Leiararsats/leiingsplattform og skyldes faseforskyving pga tidkrevjande anskaffingsprosessar slik at leveranse og utgifter først kommer i 2010. Mindreforbruket på fullmakta søkes derfor overført til 2010.

## Budsjettfullmakt, kapitel 1521, post 70 Tilskott til kompetansutvikling

Tildelingsbrev 12.2.09	12 500 000
Utvida belastningsfullmakt, FADs brev 15.05.09	15 867 000
Sum	28 367 000
Rekneskap pr 31.12.09	22 021 573
Mindreforbruk	6 345 427

Det er gitt tilsegn for noen prosjekter der utbetaling ikkje skal skje før i 2010. I tillegg er det satt av 1MNOK til to mindre følgeprosjekter knytt til ordninga. Mindreforbruket på fullmakta søkes derfor overført til 2010.